

Redigert utskrift frå intervju med

Einar Førde

Statsråd i Kyrkje- og undervisningsdepartementet,

8. oktober 1979 – 14. oktober 1981

Gjennomført 28. april 2004 ved Universitetet i Oslo

Intervjuarar:

Professor Even Lange

Professor Helge Pharo

Dr.art. Helge Danielsen

Transkribert av Marianne Tandberg og Helge Danielsen

Redigering: Helge Danielsen

Språkvask: Jan Gausemel

Forum for Samtidshistories intervjuprosjekt

(pilotprosjekt 2003–2004)

Lange: Vi er glade for at du stiller opp i dag, Einar Førde. Vi vil ta utgangspunkt i det som heile prosjektet vårt egentleg handlar om, nemleg det å forstå endringane i politisk kultur i løpet av 1970- og 1980-åra. Og det første generelle temaet er jo då ei vending, eller ein overgang, som i alle fall blir oppfatta som tydeleg i ettertid. Kor tydeleg vart den opplevd av deg då du stod midt oppe i denne frå midten av 1970-åra og til midten av 1980-åra?

Førde: Ja, når eg les mine egne innlegg, står den jo no fram som tydelegare enn det eg kan hugse at den var. For eksempel landsmøtetinnlegget i 87 kan eg jo ikkje ha skrive og halde utan å ha reflektert over innhaldet. Og det må nok ha vore ein relativt tydeleg prosess. Og det var jo strid omkring – ikkje sant, i prinsippprogrammet var det strid om ein del formuleringar, slik at vi var nøydde til å adressere dei som ville halde på det gamle. Vi fekk strid i noen konkrete saker, der det oppstod ein nesten heilt uforklarleg dogmatikk, for eksempel i barnehagespørsmålet. Det hjelpte ikkje at du fortalde dei at over 50 prosent av norske barnehagar alltid hadde vore private. Og partiet hadde alltid administrert ein stor privat barnehagesektor. Men det var likevel noen som heldt på at partiet måtte gå inn for at alle barnehagar skulle vere offentlege. Altså, det oppstod ny dogmatikk i dette her. Og det merkelege er at det der, når eg ser på det no, det heng fast, det.

Dette er i røynda den mest plagsame strid Arbeidarpartiet og sosialdemokratiet har den dag i dag, med ein nesten heilt uforklarleg dogmatikk knytt til fagrørsla. Vi har i Norge ei fagrørsla som no, endå tydelegare enn på 80-talet, er ein nesten konsekvent forkjempar for status quo. Det opplevde vi nok også den gongen, og det var ein forferdeleg ubehageleg ting, det at partiet og Landsorganisasjonen – vi stod jo fast på fellesskapet på samarbeidskomitémøta, som framleis utan samanlikning var dei viktigaste møta vi hadde kvar veke, mykje viktigare enn sentralstyremøtet og alt sånt. Då vart det opplevd som veldig vanskeleg å komme i konflikt med delar av fagrørsla. Det merkelege var at dogmatikken var

sterkast i ein del av funksjonærforbunda, særleg Kommuneforbundet og Tenestemannslaget. Mens industriforbunda hadde ei heilt anna, avslappa, haldning til dette, noe eg seinare har møtt som NRK-sjef, då eg skulle prøve å finne basis for ei friare stilling og omdanning til aksjeselskap. Då oppstod nøyaktig den same skiljelinja når det gjaldt pragmatisme i forhold til desse tinga.

Men eg var altså særst bevisst på det, trur eg, eller vi *var* det. Og ein viktig grunn til det, noe av det som eg synest illustrerer best kva vi tenkte, er denne artikkelen som eg skreiv til (William) Lafferty, som ligg der. (Red.merkn.: Førde viser her til sin eigen artikkel "Ideologi i Gros tid" frå essaysamlinga Reidar Hirsti (red.): *Gro, midt i livet*, Oslo 1989. Artikkelen var ein del av den skriftlege dokumentasjonen som låg til grunn for intervjuet.) Som eg arbeidde veldig mykje med, og som eg opplevde på mange måtar som om eg skulle skrive meg ut av kva vi hadde drive med. Eit viktig poeng i min polemikk med Lafferty, som eg kanskje skulle ha skrive meir om, er at dette var prosessar som gjekk i alle land. Dette var eit internasjonalt fenomen. Alle dreiv med sin variant av å finne ein måte å inkludere marknaden på, på ein vennleg måte, av å føre ein debatt som hindra at fridom vart eit konservativt slagord. Den utfordringa låg der for alle partia, og det er jo lett å skjønne kvifor. Dette har med samanbrotet i Aust-Europa å gjere, med kommunismens fall, med nyorienteringa hos alle dei kommunistiske og eurokommunistiske partia. Altså, det er ein svær prosess. Det å beskrive den som noe som berre hadde med Det norske Arbeidarpartiet å gjere, er forferdeleg kortsiktig. Det var forskjellige variantar av den i forskjellige parti. Svenskane hadde som alltid sin variant, og betre styring på det, det må eg seie. Altså, dei fann ein basis raskare og hadde ein organisasjonsstruktur som gjorde at dei også i dag har mindre problem med dette enn dei hadde den gongen.

Lange: Er det noe, trur du, i det norske som har med 70-talet å gjere også? Altså at vi hadde, skal vi seie, ein pragmatisme som var tydelegare på 60-talet enn på 70-talet, og at det er ei ekstra utfordring å gjennomføre denne moderniseringa i Norge på bakgrunn av den radikaliseringa som skjedde på 70-talet?

Førde: Jo, det kan du seie, men 70-talet var, som du seier, heilt spesielt, men òg av heilt andre grunnar. For det første var EF-debatten i Norge heilt annleis enn det du fekk i noe anna land, noe som prega det politiske landskapet – du kan nesten ikkje undervurdere det. Men dessutan, særleg historikarar skulle interessere seg for det: 70-talet var eit forferdeleg aktivt reformtiår. Noen av dei svære reformene, som sjukelønnsordning og arbeidsmiljølov, mange av desse som LO pressa hardast på, kom til på 70-talet. I tillegg har du to store nasjonalløft som nesten ingen andre hadde. Du har olje og havrett. Og eg trur at historikarar i ettertid vil måtte innsjå kva slags – altså sjå samanhengen mellom EF-neiet i 72 og desse svære sakene, og kva det kosta av krefter for heile det politiske liv, og ikkje minst for dei som sat med ansvar og skulle utforme ein ny oljepolitikk og henge med i det store havrettsregimet.

Eg hadde høve til å reflektere over dette ved Jens Evensens død. Og det er jo ingen tvil om at dersom vi ser på store nordmenn i det førre hundreåret, kven som sette igjen noe som varig sit, så er det altså dekning for Jan Kjørstad si utsegn om at det ville ikkje vore underleg om kvar norsk heim hadde ei byste av Jens Evensen. Han skriv det i ”Forføreren”. Så svær er innsatsen med å få den nasjonale kontrollen over olja og det å utforme ein oljepolitikk som jo, med etableringa av Statoil, var distinkt forskjellig. Berre tenk på kva det var for slags påkjenning for oss, utanrikspolitisk, å skulle ha denne dragkampen mellom OPEC og IEA. Altså finne eit leie der som amerikanarane kunne leve med, som vi kunne leve med, og som var i samsvar med det basiske: At norsk utanrikspolitikk skal tene norske interesser.

Det låg ein masse sånne utfordringar der som gjorde 70-talet veldig spesielt. Og eg hugsar vel nesten 70-talet meir som eit tiår der vi hadde hendene så fulle av desse sakene at vi kom seinare i gang med nyorienteringa, for den hadde jo egentleg starta lenge før mange stader i Europa. Men vi hadde altså, som du seier, kanskje ein pragmatisme. Men eg må jo seie at radikaliseringa gjennom 70-talet, slik vi opplevde den i det politiske sentrum, var jo ikkje påfallande sterk.

Lange: Nei, kanskje ikkje for deg som på førehand var plassert som ein radikal, men frå høgresida vart det jo kjørt ganske hardt på dette, også som ein del av høgrebølgja.

Førde: Jo, høgrebølgja kom, og den hadde styrke. Og den hadde den veldige styrken at den var i ideologisk utforming, ikkje sant, det var ikkje ei sak, eller to saker, det var eit knippe av saker som var bundne saman i eit ideologisk mønster, og det var ei uvanleg utfordring for Arbeidarpartiet å måtte adressere. Men om du ser på valsigeren i 77, som var så å seie ”a landslide”, så var jo det først og fremst tillit til Jens Evensen, tillit til Odvar Nordli, tillit til reformarbeid. Du kan sjå over heile Nord-Norge at havretten har spelt ei enorm rolle i dette her. Det var altså ein slags takk for vårt reformarbeid.

Lange: Men som du seier: Internasjonalt var jo dette ein opptakt, spesielt til eit gjennombrøt for nyliberale straumdrag i Storbritannia, i USA, i samband med omorganiseringa av heile det internasjonale samarbeidet etter Bretton Woods-systemet sitt samanbrøt. Det var altså ei nokså stor internasjonal endring, og i Norge vart denne tida samtidig prega av den radikaliseringsbølgja som òg slo inn i Arbeidarpartiet sine grunnorganisasjonar. Altså at sjølve EF-avstemminga vart ein prosess som gav venstresida i Arbeidarpartiet, og dei dogmatiske sidene av henne, ein annan og sterkare posisjon: Ikkje berre fordi partileiinga og

dei som sat i ansvarlege posisjoner var opptatt, men fordi dei faktisk var nøydde til å ta ein ny type omsyn til desse motkulturstraumdraga. Og mitt spørsmål gjeld vel om ikkje omstillinga til 80-talspragmatismen, eller 80-talsmøtet mellom sosialdemokratiet og dei nyliberale straumdraga, vart ekstra tungt i Norge av den grunn. Dette meiner du då ikkje er tilfelle?

Førde: Jau då, det kan vere vel verdt å drøfte det der. På ei anna side, høgre-venstre-dimensjonen i dette er jo diskutabel. Det er ingen tvil om at Arbeidarpartiet sitt landsmøte i 1981 opplevde vårt arbeid med prinsippprogrammet først og fremst som eit høgreavvik, som eit steg mot høgre. Dei tunge delane av Hedmark Arbeidarparti syntest dette, ”nå blir det tull her”, ikkje sant, ”hiv ut ordet sosialisme” og sånn, ikkje sant. Det hjelpte ikkje kor mykje du hadde argumentert for at det aldri hadde betydd noe. Og særleg ikkje på Hedmarken. Men, det er klart, i forhold til det å etterstreve større ideologisk medvit, i forhold til å – då er vi tilbake til Lafferty igjen – få ein ideologisk debatt som reelt sett var styrande for praktisk politikk, meir enn eit rekrutterande symbol, ein agitasjonsideologi, så strevde vi med det, det er heilt riktig det.

Vi opplevde jo også, det er eit viktig poeng: Det ein ikkje må gjere, det er å undervurdere det norske Høgre. Høgrebølgja var uvanleg sterk i Norge, og det norske Høgre er eit veldig sterkt, breitt Høgreparti. Om vi samanlikner med det svenske for eksempel, så er det monaleg mykje meir kraft i det norske Høgre, og det norske Høgres takling av høgrebølgja: Dei gjorde det reelt til eit ideologisk oppgjær. Alt frå brennevin på polet til formyndarstaten, til restriksjonar i handel, vart knytt saman i eit knippe, det var dyktig gjort, og ikkje minst måten dei greidde å nå ut i landet på, var jo mykje meir imponerande enn mange andre stader.

Lange: Men hang dette òg saman med den økonomiske politikken? Kanskje vi kan gå litt inn i den økonomiske dimensjonen ved denne dreininga, der rentepolitikken på ein måte vart det symbolske vendepunktet, med erklæringa om at ein skulle gå ifrå den styrte renta. Der også tilhøvet til banksektoren var viktig, med framstøyt om bankdemokratisering, og der spørsmålet om kva betydning børsen og finansøkonomien hadde, kom inn der desse internasjonale nye straumdraga slo inn og måtte handterast. Du sjølv sat jo ganske sentralt i alle fall i den første perioden i denne omstillinga, og eg vil gjerne høyre korleis du no reflekterer over utviklinga i din eigen tankegang.

Førde: Eg vil seie eit absolutt ja til at så mykje marxistar er vi jo at den økonomiske dimensjonen på dette må ha spelt med heile tida. Bankdemokratiseringa, som eg brukte tre år av mitt liv på, er ei veldig interessant historie. Det er eit eksempel på ei nesten totalt mislykka reform. Altså, vi legg ned eit betydeleg arbeid for å prøve å finne ein måte å gjere dette på som ikkje er tradisjonell sosialisering, men som likevel bringar eit element av andre ting inn i viktige samfunnsinstitusjonar enn dei tradisjonelle. Det mislykkast totalt. Og det paradoksale er at dette her vart ordna på gamlemåten, der staten overtar bankane no seinare. Då fell heile problemstillinga bort. Det er eit av eksempla på sosialdemokratisk reformtenking, altså arbeid med strukturreform, underliggande reformer som på sikt kan forandre samfunnet, som eg ikkje vil seie var verdiløst, men det var i forhold til å gjere noe med bankane, nesten, ikkje heilt, men nesten heilt mislykka.

Så var det jo den sida ved dette, det å finne røtene til dette ut gjennom denne tida her, som gjeld det som skjedde i 1990, som eg synest er eit av dei store tidsskifta i historia. Alle generasjonar driv og lagar sånne tidsskifte, dei syner seg jo å vere mindre viktige. Men 1990, med samanbrotet i Sovjetunionen, med den nye informasjonsteknologien, med globaliseringa, må vere viktig. Og du finn røtene til denne globaliseringa, naturlegvis, tilbake her. Slik at noe

av det som vi strevde mest med, som jo også internt hadde ein veldig viktig høgre-venstre-dimensjon, det var då vi skulle kvitte oss med alle valutarestriksjonar, all regulering. All reguleringa av kreditt forsvann etter kvart, riktig nok, det meste av dette vart fullført under Willoch, men vi begynte med det, vi også, fordi vi såg det kom. Og det er klart, det var ei forferdeleg påkjenning, ikkje minst for venstresida. Eller for Arbeidarpartiet i det heile, eller for Senterpartiet for den saks skyld, det å skulle gi opp. Alle parti som hadde ein sterk nasjonalstat på sitt program, skal plutselig gi opp nasjonal kredittregulering eller den nasjonale valutareguleringa og kaste frå seg dei kanskje sterkaste styringsmidla ein hadde. Du må ikkje undervurdere kva slags veldig omstilling det må ha vore mentalt for veldig mange.

Lange: Men var det òg slik at denne omstillinga kom på eit tidspunkt der ein opplevde at viktige sider ved det som hadde vore classesamfunnet sine utfordringar, i grunnen var i ferd med å bli løyste gjennom velstandsutviklinga? Opplevde du det sånn, du som sjølv på ein måte hadde skapt ditt politiske namn gjennom artikkelserien ”Det norske classesamfunnet”?

Førde: Jau då, vi opplevde det. Og vi arbeidde, ikkje minst i Oslo Arbeidarparti-samanheng, sjølv sagt med forholdet til nye grupper. Det var jo eit forferdeleg sjokk for mange i Arbeidarpartiet, ikkje minst for han som sat som generalsekretær veldig lenge, at ikkje skogsarbeidarane var i fleirtal. I 1937 var Skog og Land LOs største forbund! Eg slo etter her førre dagen, då var det 1800 medlemmer i Fellesforbundet, dei fleste av dei pensjonistar. Det er ei dramatisk omstilling som ligg bak det der.

Men denne retorikken knytt til kroppsarbeidaren, den heldt seg jo i Arbeidarpartiet, den er kanskje ikkje over enno. Det å få dei til å skjønne at det var ein retorikk for eit 20 prosent-parti, i beste fall, eit mindretalsparti som ikkje kunne samle det nye Norge på den basisen, det var forferdeleg tungt. Så det er klart at mot Arbeidarpartiet arbeidde

folkeforflyttingane, dei sosiale endringane, utdanningssamfunnet: Heile den tradisjonelle basisen forvitra, og vi hadde ei veldig sterk kjensle av at samfunnskraftene arbeidde mot sosialdemokratiet. Valresultat over heile Europa ut gjennom 80-talet understreka det, og Gud veit kor mange Dagbladartiklar eg har sett, som har tatt livet av sosialdemokratiet. I desse åra var dei ekstra sterke og ekstra omfattande og ekstra mange, dei artiklane. Men vi hadde jo reelt sett ei utfordring, og vi tenkte gjennom den, og eg vil i all beskjedenheit seie at eitt av dei svara eg fann, var jo auka vekt på verdiar og ideologi. I ei veldig avdempa norsk form fordi vi ikkje hadde noen ideologisk tradisjon. Altså eit forsøk på å løfte fram heilt andre ting, snu på –. Det eg synest var det mest interessante med det nye prinsippprogrammet, var at du ikkje tar fatt så forslitne slagord som likskap, solidaritet, brorskap for den saks skyld, at du prøvde å snu på dei og sjå på: Tyder dei noe lenger? Og ut av det kom det veldig mykje interessante ting.

Dette var ein måte å gjere det på som eg oppdaga engasjerte mange. Og eg formulerte då tesen om at truleg er det slik at for ein del unge menneske vil tilknytninga til om ikkje nødvendigvis ideologiar, men eit verdisystem, vere like rekrutterande som pengepungen. Eg held på med mitt store åttebindsverk om mine mistak, og her er eit som nesten krev eit heilt bind, ikkje sant, altså spådommen om at det private forbruket kjem til å spele mindre rolle, at folk vil bli mindre og mindre opptatt av lommebok og forbruk etter kvart som ein når eit visst levestandardnivå. Det har vist seg å vere ein heilt optimistisk spådom, fordi alle kan sjå at no er det private forbruket sin dominans i økonomien, og i folks medvit, mykje større enn den var.

Lange: Men elles er vel tilhøvet til full sysselsetting vorte ei slags symbolsak som spelar ei rolle i vurderinga av Arbeidarpartiet sine endringar i denne perioden: Det har vorte hevda at omkring 1980 forlét Arbeidarpartiet omsynet til full sysselsetting som eit overordna mål som

det meste måtte vike for, og det vart eit grunnlag for ein tillitssvikt at ein forlét ei så sterk symbolsak. Korleis opplever du ein sånn –

Førde: Nei, eg har ikkje noe minne av det. Altså, eg meiner at den fulle sysselsettinga, arbeidet til alle – eg skal halde 1. mai-tale i Hommelvik i år – altså, Nygaardsvolds tradisjon og slagord, det var sakrosankt. Eg kan aldri hugse at vi rørte ved det. Tvert imot så var vi, då Willoch-regjeringa begynte å komme, og Arne Rettedal, vi var uvanleg harde i våre angrep på at arbeidsløysetala byrja å nå 100 000, vi var nesten dogmatiske i vårt syn på arbeid, og eg kan ikkje –

Det er klart vi hadde diskusjonar om at vi fekk eit nytt arbeidsliv som kravde fleire omstillingar, vi kunne ikkje bli så dogmatiske at vi ikkje såg at det måtte ta litt tid frå ledige jobbar vart besette med ledige folk, og at det kravde større fleksibilitet. Men dette vart jo delvis erstatta med valdsam vekt på arbeidsmarknadstiltak, som vi jo seinare fekk mykje pepar for, og som borgarlege regjeringar regelmessig har skore ned, og skar ned også den gongen. Men det var ei valdsam tru på statleg administrasjon av arbeidsløysa, og at det skulle vere måten å gjere det på. Truleg for sterk. Så eg har altså ikkje noe minne av at vi noen gong fallerte på den fulle sysselsettinga, og om du ser på kva som er Arbeidarpartiet sine sterke saker i dag, så vil eg vel nesten seie at det er mogleg at det skjedde ein liten tillitssvikt rundt 1980, men den fulle sysselsettinga er kanskje den enkeltsaka der Arbeidarpartiet ikkje treng bekymre seg over at dei har større tillit enn noen annan.

Lange: Nei, men likevel er det jo slik at denne tilliten har vorte knytt til, skal vi seie, ein annan type fleksibilitet, og mitt spørsmål er: Korleis er det knytt til ei meir defensiv forståing? Du seier at de hadde store håp og tillit til styringsevna, men var dette noe som vart svekt gjennom dei erfaringane ein gjorde på 80-talet? Ein måtte jo gi opp ein del styringsmiddel

som hadde vore viktige, av internasjonale grunnar. Kan dette sjåast som ei linje, skal vi seie, frå makt i retning avmakt, som det har vore sagt om konklusjonane til den første maktutgreiinga?

Førde: Joda, det er det jo ingen tvil om. I forhold til alle dei styringsmiddel ein hadde, der ein stor del av industrien gjekk på statlege subsidiar og statleg støtte, så opplevde nok mange denne perioden som eit tap av makt, og det var jo reelt sett det. Og Arbeidarpartiet hang jo fast i dei kalla, vi strekte jo strikken langt ut over det som internasjonale avtalar tillét sjølv den gongen, då det gjaldt å berge Mo i Rana, då det gjaldt å berge Kirkenes, då det gjaldt å berge desse gamle symbolstadene. Og vi gjekk veldig langt i eit statleg engasjement som i dag – Ansgar Gabrielsen vil himle med auga og seie at det ikkje er mogleg.

Det er klart det var mogleg, og det er framleis mogleg om ein vil, men det var jo eit styringsmiddel ein etter kvart også frå Arbeidarpartiet si side såg ikkje var ein del av desse redningsaksjonane. Jo, dei var vellykka, forresten. Mo i Rana var ei vellykka historie. Men mange av dei var veldig mislykka. Altså, det var å berge bedrifter som likevel gjekk ned etter noen år, slik at det der var like mykje ein nasjonal prosess som det var ein Arbeidarparti-prosess. Det var altså det å skape medvit hos folk og hos tillitsfolk både i kommunar og bedrifter om at den einaste måten å angripe dette på er å få aksept. Det å klamre seg til jobbar som ikkje lenger har veldig lang eksistens, om de hugsar tilbake, hugsar de all striden omkring nedlegginga av papirfabrikkane i Drammensvassdraget? Altså Nationaltheatret; Bjørn Nilsen. Svartkatten, Vestfossen, Solbergelva, skitne, dårlege, bedritne arbeidsplassar med dårlig betalt arbeid, ikkje sant. Dei skrekkvisjonane om kva som ville skje med desse her, med Vestfossen og Mjøndalen og alt dette: Det tok nøyaktig eit halvt år, så hadde alle saman jobb i Drammen, betre betalt, hyggelegare jobb, reinare, ikkje sant. Altså, då kan du ikkje halde – Christiania Spigerverk. Christiania Spigerverk som hadde bitraste striden omkring

industrinedlegging i Norge. Christiania Spigerverk var ei bedrift der du kom inn, og eg kom då der regelmessig, det var omtrent 90 grader inne i omnshallen, og så frøys du i hel litt ut på golvet. Det var altså ein enkel smelteverksproduksjon, med ikkje altfor mange imponerande arbeidsplassar. Då vi la ned den; det var så mykje skrik og skrål, at eg kan ikkje hugse at vi har vore i nærleiken –. Så kan du jo gå opp i Nydalen og sjå kor mange arbeidsplassar det er no, ikkje sant. Sjå på eksportverdien av det som blir laga der, og så er det pinadø eit spikarverk der også, sant. Det sviv no og går (latter).

Du kan ikkje sitte og hevde at Christiania Spigerverk var løysinga for Oslo, når du ser kva slags arbeidsliv det er som utfoldar seg i Nydalen i dag. Og eg vil seie at dette var ein prosess som gjaldt heile nasjonen, og som – vil eg nok seie – er ein av dei som har enda positivt. Eg har for eksempel lagt merke til at no er det ein del av kommunane som har bedrifter som er i vanskar, som aldri reiser til regjering og storting. Dei tar kontakt med andre næringsinteresser, andre kommunar, ikkje sant. Dei lagar nettverk. Mykje meir adekvate nettverk enn å sitte fånyttas på eit eller anna kontor her inne og sutre og be om pengar. Og det er – det der har vore ei tilpassing til marknadssystemet og til, så lenge vi har global handel og ein marknad, så har det også vore ei enorm oppvakning til realisme.

Lange: Denne erkjenninga, denne måten å framstille det på som du no gir, er vel nokså forskjellig frå den Einar Førde ville gitt i 1968? Imellom dette har ein hatt erfaringa med motkonjunkturpolitikken, som var eit forsøk på å forlengje den gamle måten å takle desse omstillingane på, til ein ny. Sjølve omstillinga der er jo ganske grundig når det gjeld haldningar i Arbeidarpartiet.

Førde: Ja visst. Det vi lærte, det gjeld jo – om eg skal sjå tilbake på mitt liv der, så ville noen seie at det mest dramatiske var jo endringa i forhold til utanrikspolitikken og NATO, ikkje

sant, då vi innsåg at det var det einaste adekvate organ for nedrustning. FN var ein tarm, og eg gjekk inn aktivt faktisk, eg var NATO-parlamentarikar i mange år, noe som eg til å begynne med opplevde som litt komisk, men òg som veldig meiningsfullt. Altså, det kan ikkje vere diskvalifiserande at ein brukar erfaringane (latter) – til å komme til konklusjonar, i dette første tilfellet er det jo openbert at vi i 68 ikkje såg kva som kom til å skje med marknaden, næringslivet og slike ting. Det ville vore sensasjonelt om eg kunne ha halde eit opningsforedrag i Stortinget og forutsjå alt dette, det var det ingen som gjorde. På same måten som det var ingen som føresåg IT-alderen. Den berre kom, den.

Pharo: Det er vanskeleg å skilje, sjølv sagt, det ein ser og som er ønskjeleg å gjere, og kva som er eit internasjonalt påtrykk eller ei internasjonal utvikling som ein ikkje kan la vere å henge med i. Men korleis vil du seie samspelet er mellom det, mellom erkjenninga av eit samfunn i endring som de må forsøke å ta fatt i, og kor mykje er det i tillegg ei form for internasjonalt press om at ”dette må du gjere i alle fall”?

Førde: Eg veit ikkje om medvitet om det internasjonale presset var så sterkt som det burde ha vore, faktisk. Men om du ser på Arbeidarpartiet, om du først skal finne årsaka til miserer og nederlag og tilbakeslag, vil du jo finne at noen av dei er veldig trivielle. Noen av dei er ein renteauke og ein inflasjon utan kontroll som folk ikkje aksepterer, og som ein får juling for. Og så blir det ein diskusjon: ”Er dette her noe vi har laga sjølv, eller kjem det utanfrå?” Og då var jo økonomane og Finansdepartementet veldig omhyggelege med å fortelje oss dette her.

Økonomien, samfunnsøkonomien, er jo etterpåkløkskapens vitskap, dei har alltid etterpå veldig gode forklaringar på kvifor det gjekk som det gjekk, og dei er tilsvarande wishy-washy i råda når det gjeld kva ein skal gjere på førehand. Og her var det mange eksempel på forvaltning av den nasjonale økonomien som vi skulda på utlandet for, men som

vi truleg hadde ein stor del av æra for sjølv. Men utlandet kom altså inn som ein veldig viktig dimensjon, og når då desse internasjonale avtalane byrja å komme, når det internasjonale handels..., så var det i seg sjølv ein veldig interessant ting å følgje, fordi der har du heile spørsmålet om jordbrukets stilling, og her har du spørsmålet om utviklingslanda, ikkje sant, det er ein del spørsmål der motkulturarven, mellompartia, skil lag, og der også Arbeidarpartiet strevde med å finne noe. Arbeidarpartiet var tradisjonelt det sterkaste bonde- og fiskarparti av alle sosialdemokratiske parti i Vest-Europa, det hang ved veldig lenge. Oppvakninga til auka internasjonalt medvit, eller medvit om det internasjonale si betydning, var ein lang prosess. Knut Frydenlund meinte jo alltid at den gjekk for seint, og strevde og strevde og strevde med å få folk til å skjønne at innanriks- og utanrikspolitikk hang saman. Men han ville nok i dag seie: Det var ikkje vekk-kasta, i dag er medvitet om det svært stort.

Lange: Kanskje vi skulle ta for oss eit anna av desse feltene som også har vore under sterk endring, nemleg haldningar til media og forståinga av offentlegheita.

Førde: La meg berre leggje til ein ting, fordi de spør om dei store forandringane i mitt liv som politikk, ikkje sant. Det der har eg jo reflektert over, også om eg skulle få helse til å skrive sjølv. Og det eg vil oppleve som den sterkaste forandringa i det norske samfunnet i den tida eg har sete der, er noe heilt anna. Det er altså, om vi går tilbake til ”Skikk og bruk”, eit viktig grunnleggande verk i norsk historie, altså Øivind Johnsen som viser korleis du skal lette på hatten til ei dame, og ”Skikk og bruk” som altså er Norges mest selde verk i byrjinga på 50-talet eller utover. Så blir det altså gjort ei evaluering ein stad på 70–80-talet av Cappelen, som då ville gjenta denne suksessen. Så kjem konsulentane tilbake og seier at alle kapitla er komiske, unntatt kapitlet om diplomatisk etikette. Men alt det andre er fullstendig ute i dag,

folk kjem til å le seg i hel. Dette er ei av dei store samfunnsforandringar. Altså, nedbryting av, eg vil seie, stivbeinte konvensjonar mellom folk, heilt andre samværsformer.

Eg vil legge til ein annan forferdeleg viktig ting: Dialektane sin status. Om du tenker på den valdsame forandringa det var då vi Helge (vend til Pharo) kom til Oslo og byrja å studere, i forhold til i dag. Gå ut og høyr korleis dei snakkar i forhold til våre medstudentar, noen av dei strevde med å få eit vant, akseptabelt språk, ikkje minst nordlendingane strevde noe forferdeleg med det. Altså denne så å seie reelle demokratiseringa. Dette at det i ytre former vart mindre forskjell på folk, og folk hadde då mykje større mot til å vedkjenne seg det som kanskje vart –, det vil eg beskrive som den største forandringa. Det du kan seie: Alf Prøysen som folkediktar er den største forandringa i mitt levespenn i forhold til relasjonane mellom menneske. Ikkje noe av det eg dreiv med av ideologi, ein kan kanskje seie at det var ein spuriøs samanheng her, men den forandringa er så påfallande at den har eg lyst til å skrive om. Noen då vil seie at i mellomtida er dette med ”Skikk og bruk”, folkeskikken, gått tapt. Noen vil meine det at ein del av desse konvensjonane og ytre formene, det at du veit at eggen på kniven skal vende innover når du dekker på, er viktig. Altså noen meiner jo det, sant (latter).

Lange: Men det du seier her, er vel eigentleg ein annan måte å formulere det som var Einar Gerhardsens formular om kva arbeidarrørsla hadde oppnådd, at ein slapp å stå med lua i handa?

Førde: Jo, det går mykje vidare enn dette fordi dette er ein prosess som – Einar Gerhardsen gjorde det i form av å skape formelle rettar, og ikkje minst i arbeidslivet. Gi folk ein basisk tryggleik som dei først og fremst opplevde gjennom organisering. Dette er jo ein stor innsats i det norske samfunnet, det å skape tryggleik for eit stakkars lite menneske som elles ville bli i

ein malstraum av avgjerder. Dette er jo noe heilt anna: Dette er prosessar som ikkje nødvendigvis var politisk styrte. Dei hadde sjølvsagt veldig mykje med kulturell oppvakning og det vi gjorde på kulturområdet å gjere.

Eg var då eg gjekk av som kulturminister, forferdeleg misnøgd med –, eg formulerte jo tesar over kva som var dei viktigaste oppgåvene som eg etterlét meg, og ei av dei var jo dette med at kulturmidlane må ut til større delar av folket. Så om du no tar statistikken for kven som, kor mykje bøker vi les, forbruket av alle former for kultur, teaterførestillingar, kunstutstillingar, ikkje sant, så kan du nesten slutte å snakke om dette. Det er meir folk på kunstutstillingar enn på tippeligaen. Det er eit forbruk av kultur, og Norge er altså på topp når det gjeld både å kjøpe og lese bøker, så det har skjedd noe. Delvis, naturlegvis, håper eg som resultat av at vi byrja å få ein statleg –, auste ut pengar, og vi skapte ikkje minst gjennom 70-talet ei lokal kulturforankring og eit lokalt kulturinitiativ som betydde noe. Men elles er denne veldige samfunnsforandringa, det å sitte og filosofere om kvar det eigentleg kom frå, kva som dreiv den fram, det er heilt uavhengig av politikken.

Pharo: Oppfattar du den forandringa som større i Norge enn i andre land?

Førde: Ja.

Pharo: Ja, eg gjer også det.

Førde: Eg oppfattar det som mykje større enn – du treng ikkje reise mykje rundt i Sverige. Fordi det er faktisk kopla til den gamle egalitære tradisjonen. Ikkje minst om du kjem på Vestlandet, der denne egalitære tradisjonen er sterkast, men det er til stades heile vegen, og der denne egalitære tradisjonen hadde spesiell forankring, for eksempel i lekmannsrørsla og

alt sånt, er den endå tydelegare observert. Så dette har – her trur eg ein kan beskrive noe som er veldig norsk.

Danielsen: Men er det andre drivkrefter i den prosessen enn dei som du har nemnt? Eller: Har du noen teori om kva det er som får i stand denne utviklinga, i tillegg til det du alt har vore inne på?

Førde: Nei, altså, det må jo ha komme nedanfrå, det meste. Eg trur Alf Prøysen er forferdeleg viktig. Sjølv i vår tid får ein noen eksempel på at diktarane er viktige. Eg trur det at han så å seie tok oss frå vi var små, ”Barnetimen for dei minste”, til ”Snekkersvekara” og ”Trost i taklampa”, og sette det kulturelle, fekk folk til å vedkjenne seg landets mest miskjende og forakta dialekt, nemlig flatbygdialekten på Austlandet. Det er klart det var enormt viktig at han gjorde det. Den vart berre ”kul” til å byrje med. Litt eksotisk for Oslofolk, men så torde hedmarksfolk og bladfolk å vedkjenne seg den, og plutselig vart dei stolte av den. Diktarane må ha vore viktige.

Danielsen: Samtidig som Prøysen sjølv jo i tidlegare tekstar reflekterer og er veldig sår over korleis han vart møtt då han først kom til hovudstaden.

Førde: Ja, han vart jo møtt av akkurat dette, og eg veit ikkje om han eigentleg levde lenge nok til å innkassere dette i si fulle breidd. Men han er eit av dei namna som du vil nemne, då, i ei lang årsakskjede kvifor det vart slik, det har også vore eit trykk nedanfrå her. Og det har opplagt også med det faktum å gjere at Norge er, framleis i vår tid, eit organisasjonssamfunn mykje meir enn dei fleste andre land. Organisasjonsfloraen er mykje større, og veldig mykje av det må ha vokse fram i denne floraen av folk i organisasjonar.

Danielsen: Ja, då er vi inne på ein del av dei tinga som eg kunne tenke meg å spørje litt meir om, men kanskje frå ein litt annan innfallsvinkel.

Eg oppfattar ein del av det som du snakka om før vi tok pause, som endringar av ganske stor betydning i det sivile samfunnet, eller i offentlegheita. Eg tenkte at vi kanskje kunne snakke om noe som i alle fall eg oppfattar som ein stad der politikken og det sivile samfunnet møtest, og der det som skjer politisk har betydning, mellom anna for dei tinga som du var inne på i stad. Det dreier seg om dei felta du hadde ansvar for då du var statsråd. Eg meiner å sjå ein slags samanheng her. Men om vi kunne ta det litt kvar for seg: For eksempel dei tankane du hadde om skulepolitikk og likskapstankegang i forhold til skulen: I kva grad var det mogleg, og i kva grad hadde du ambisjonar om å la noe av det ideologiske tankegodset du representerte, bli sett ut i praksis på dei felta du hadde ansvar for som statsråd?

Førde: Jo, i høg grad, naturlegvis. Det er ein tale de ikkje har fått med (i dokumentasjonen, red.merk.), og den har eg jo heller ikkje skrive, og det var testamenttalen min i 1989, då eg gjekk av. Og der formulerte eg då, først og fremst som eit aktuelt, modernisert innlegg for likskaps –, min bodskap til partiet er: Gløym ikkje det basiske, likskapstanken, kor viktig den er for vår identitet og kor aktuell den er. Og det er klart at i det eg dreiv med i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, så var det forferdeleg mykje ideologi. No var eg ingen stor undervisningsreformator. Eg overtok Kyrkje- og undervisningsdepartementet på eit tidspunkt då dei store reformene, dei store strukturereformene i skulen var lagde. Ungdomsskulen var begynt å sette seg, altså Hjalmar Seim og Helge Sivertsen. Eg var med i desse prosessane i Arbeidarpartiet, eg var ein såkalla ung, lovande kar. Tråkmonsen Helge Sivertsen tok meg inn og manuduserte meg, og eg var faktisk med på å påverke ein del av dette

systemkomitéarbeidet, og – Hjalmar Seim var jo den store pådrivaren for både ungdomsskulen og einskapsskulen i den vidaregåande skulen.

Men alt dette var jo på ein måte opplåst, og eg, bortsett frå at eg fekk ein del viktige ting i forhold til høgre utdanning, så var eg ikkje, i mine to år i departementet, prega av noe særlig reformarbeid på utdanningsområdet. Eg kan hugse at noe av det, altså ungdomsskulen var jo begynt å bli gammal då, eller var begynt å bli vaksen. Og eg konstaterte at eit av dei store problema var arbeidsmiljøet, at det var betydelege miljøproblem i denne nye skulen. Vi laga då ei stor miljøundersøking, og vi hadde då ein tese om at dette hadde med geografi å gjere, det hadde med lengda på skuleåret å gjere, med skuleveg å gjere, og vi hadde masse teoriar om kvifor det enkelte stader oppstod nesten uhandterlege arbeidsmiljø. Det var ei ganske nifs undersøking. Du fann nøyaktig dei same problema på Lakkegata som i Gamvik. Så byrja vi å arbeide med desse, så viste det seg at det var ein faktor som slo ut mykje, mykje sterkare enn noe anna. Skuleleiaren, rektor. Det var ikkje akkurat noen ideologisk budskap som – (latter). Det var eit faktum, det var den første oppvakninga eg hadde om korleis, det du kan observere nesten kvar som helst i ein fotballklubb eller på sjukehus eller kor det er, altså kor forferdeleg avhengig ein organisasjon er av ein god leiar. Og dette slo altså inn i ungdomsskulen. Den mest lysande ungdomsskulen var, han er vekke no, Martin Gunnar Knutsens Åsenhagen i Skedsmo. Ein skuleleiar av den gamle typen. Det var ikkje disiplinproblem der, sant. Ikkje noe tull der. Og alle fornøyde foreldre, og topp med songkor og idrett og alt. Det var faktisk altså nøkkelen. Og det var ein del sånt, eg dreiv med ein del skulearbeid som var litt avideologisert.

Det viktigaste eg gjorde av dokument der, var ei stortingsmelding om utdanning og arbeid, som eg framleis meiner var eit viktig dokument, fordi den var basert på innsikta om at det meste av det vi tileignar oss er det vi tileignar oss i arbeidslivet. Det var jo ein tendens til å laga sjuårig akademisk utdanning på førarprøven til bil, og det er fullt mogleg, sant. Du ser på

kva eigedomsmeklarane driv med, no legg dei eit år på, no skal du ha fire års utdanning for å selje hus! (Latter) Altså bygge gjerde rundt sin eigen profesjon for å hindre noen å komme inn i noe som egentleg er eit ganske banalt yrke. Den tendensen ønskte vi å bryte ned, altså gjerda rundt profesjonane, og integrere arbeidslivet på ein heilt annan måte. Til det vil eg vel seie at det har vore rimeleg vellykka.

Om eg skal beskrive noen av dei, vi var inne på dei store forandringane i mitt liv: I denne samanheng er ei av dei store forandringar at eg sit som arbeidsgivar, kanskje som ein av dei arbeidsgivarane i Norge som hadde, i alle fall på eit visst tidspunkt, inntil eg fekk sparka det vekk, størst ansvar for å tilsette folk. Og så oppdaga eg at i desse posisjonane, der eg sit og har ansvaret for å utpeike folk til veldig ansvarlege, viktige stillingar, har eg nesten ikkje lese eit avgangsvitnemål. Korleis realkompetansen har vorte mykje viktigare enn den formelle kompetansen, er også ei av dei forandringar i vårt liv som gjennomsyrrer – og eg trur altså at vi kanskje med slike dokument og andre ytte eit bidrag til det. Fordi det er den tendens alle stader ifrå, du spør kva folk kan, og du sjekkar på referansar, og du testar dei. Kan dei noe, så er du forholdsvis uinteressert i korleis dei kom fram. Eg har skrivne ein artikkel om dette i forhold til kor mykje meir avslappa eg er til Michael Young og ”The meritocracy”, og det lagdelte samfunnet basert på formell utdanning. Fordi det viser seg at det er så mange vegar, og det å bryte ned formalkompetansens status og dei opningar at folk kan slå seg fram. Faktisk har vi no, sånn sett, eit mykje meir demokratisk arbeidsliv enn det vi hadde. Det finst noen sånne eigedomsmeklarøyar, altså latterlegheiter. Men lærarane har jo for eksempel gitt opp det der. Eg laga lærarutdanningslov og fekk utkast frå embetsverket, så mangla det berre ein paragraf: ”Med bøter og fengsel blir den straffa som praktiserer som lege, lærar, utan å ha gått lærarskulen” (latter). Det var jo det som var, sant. Heile det der er forandra, og det opplever eg som ei stor forandring. Men elles hugsar eg faktisk ikkje mine år i Kyrkje- og undervisningsdepartementet som veldig aktive reformår på undervisningsområdet. Eg hadde

forferdeleg mykje å gjere med kyrkja, og eg hadde svære oppgåver på kulturen. Vi var igjennom idretten, altså dette var norgeshistorias største departement til no. Dei delte det jo etter at eg hadde vore der. Det finst mange moglege forklaringar på det. Men utdanning, dei delane av det var altså ikkje like sterkt.

Danielsen: Vi kan komme tilbake til dei andre felta om ein augneblink. Men den framstillinga du gir, står jo i motsetning til ein del andre framstillingar som nettopp vil hevde at profesjonaliseringa og denne måten å oppføre seg på som du seier at eigedomsmeklarane gjer, at den har vorte forsterka i perioden etter at du var minister. Men du vil altså hevde det motsette?

Førde: Ja, dette kan variere frå yrkesgruppe til yrkesgruppe. For det første har jo det akademiske livet vorte mykje meir ope. Studiekompetanse har vorte eit diskutabelt omgrep, og dei spør også: Kan du noe? Og straks dei finn noen som kan noe, så er spørsmålet om ein hadde "Nogen" i gymnastikk til artium, som på eit tidspunkt var veldig viktig, ikkje lenger det. Det akademiske liv har, i forhold til mangfaldet, vorte mykje meir ope, det har vorte så veldig mange institusjonar som delvis konkurrerer. Slik at vegane fram til kompetansen har vorte mykje meir –. Og eg vil nok seie at for dei yrkesgruppene som eg har arbeidd med, innanfor media og kultur, så har realkompetansen hatt eit veldig gjennombrøt. Og eg vil tippe at det også gjeld i alle fall i dei lågare segment av arbeidslivet. Om du skal tilsettast i Nordsjøen, så skal du gjennom sikkerheitskurset, så spør dei: Kva kan du? Og det er det. Om du har yrkesskulen på Rubbestadneset er forholdsvis uviktig.

Danielsen: Du var inne på dette med kyrkja, og som du sa, så hadde du veldig mykje med det å gjere. Kanskje dei motsetningane som du opplevde der også var prega av formalkompetanse

på den eine sida og realkompetanse på den andre, ikkje veit eg. Kan du seie noe om korleis du opplevde denne striden fram mot kven som skulle ha, kven som skulle vere siste instans i læresaker for eksempel, og eventuelt litt om kva for konsekvensar –

Førde: Ja, det der må ikkje komme ut, men minnet mitt av dette var at det var greitt, for –, altså, prestar er eigentleg ganske – det er ei interessant gruppe å arbeide med. Dei har humor. Betre humor enn dei fleste er dei nøydde til å ha i det yrket. Det er eit einsamt yrke, og dei oppfører seg i noen samanhenger som heilt –. I tillegg så hadde vi situasjonar der motsetninga internt i kyrkja på dette tidspunkt var nesten komisk stor av mange grunnar. Det dukka altså opp ein Børre Knudsen, og det dukka opp – kanskje tilfeldig. Men det var, for ein ung politiskar med interesse for dette området, så var det sjølvstekt ein, tenk på Machiavelli, dette er splitt og hersk, sant. Du spelte dei opp mot kvarandre, og i festlege og høgtidelege samanhenger kviskra du, så siterte du med gravrøyst: ”La folket som brøder saman bu, som kristne det kan seg søma” (latter). Det stokk i alle desse her kranglefantane som då hadde lege i strid.

Men altså, bortsett frå at det var ein veldig interessant maktkamp å delta i, så gjaldt det jo også veldig viktige ting. Dette var jo det vi hadde, då. Men denne stortingsmeldinga eg la fram, var jo eit første ope oppgjær om folkekyrkja på mange år. Og vi konkluderte då, ikkje minst etter eit veldig, overveldande, votum frå menigheitsråda, med å behalde statskyrkja, men med ein del reformer. Og ei av reformene var jo at vi flytta ein del prestetilsettingar og sånt vekk frå departementet og inn i bispedømerådet. Eg ser no til mi store forundring, eg har jo ein sokneprest oppe i Nordmøre som er gammal programsekretær i NRK, så eg har tilgang til ting; det er altså då ei veldig sterk rørsle i kyrkja for å få dette her sentralisert igjen, fordi det blir for tilfeldig i forhold til at det er bispedømeråda og alt sånt. Slik at tendensane til oppbrot frå statskyrkja er ikkje eintydig. Og dette vil eg nok ikkje seie var eit ideologisk

spørsmål, fordi det hadde ikkje kosta meg veldig mykje å avskaffe statskyrkja , trur eg, om eg hadde trudd på det. Og sånn i forhold til å tilfredsstillе Dagbladet, det reinaste, konsistente standpunkt Dagbladet har hatt dei siste 40 åra; mot statskyrkja har dei vore heile tida. Men elles så har dei skifta meining i alle saker eg veit om. Det hadde jo vore moro å tilfredsstillе dei. Men vi gjorde ikkje det, og det var mykje meir ei pragmatisk vurdering, eller ei vurdering, det var altså votumet frå våre eigne. Der altså vanlege folk som var redde for å bli kyrkjelause, var mykje viktigare enn biskopane.

Men så fekk eg altså Hognestad-striden og ein del andre ting, som eg kunne kose meg med, og –. Det attraktive med dette var jo, eg har den perversjonen at eg liker strid. Eg likte den striden veldig godt. Eg var trygg på mitt ideologiske grunnlag. Det hadde eg fått av Inge Lønning her i huset. Det var jo Universitetets teologiske fakultet som formulerte basisen, og som gav den teologiske legitimiteten til å føre den striden. Og eg var heilt trygg på at den striden kom eg til å vinne, både i opinionen og elles. Det var ein perfekt strid. Men den var kanskje ikkje så veldig ideologisk, bortsett frå at eg kunne forsvare meg med at eg representerte vanlege folks tilknytning til si kyrke.

Danielsen: Samtidig som du i noen av dei tekstane som vi har lagt til grunn for dette intervjuet, jo også argumenterer for kyrkjjas betydning, ikkje berre som religiøst fellesskap, men også ei sosial eller ei identitetsmessig betydning. Var det først og fremst eit ledd i argumentasjonen, eller var det –

Førde: Nei, eg synest det er eit veldig reelt argument. Ein analyse av det norske samfunnet som ikkje inkluderer kyrkja, har ingenting for seg, og for meg er dette så enkelt som at vitskapen har løyst dei fleste problem for oss. Vitskapen har avskaffa sjukdommar, vitskapen har skaffa oss nye teknologiske duppedittar, forbetrar bilane våre og gjer i det heile tilværet

mykje betre. Denne vitskapen fortel oss stort sett ingenting om rettferd, solidaritet, alle desse verdispørsmåla som for dei aller fleste menneske dagleg er forferdeleg viktige. Og om du spør kva det er som gir ei forankring til så viktige ting hos folk, så kjem du altså ikkje rundt, du kjem ikkje rundt den norske kyrkja då.

Og på mange vis er den norske kyrkjas betydning i dag ikkje mindre når det gjeld det å søke vegleiing for slike spørsmål og finne diskusjon. Eg er i den situasjon at eg synest det blir vanskelegare og vanskelegare å tru til eldre eg blir. Men det å gi avkall på, altså dette er den forankringa eg har, både frå eg var ung i ei, – for meg ganske viktig inspirasjon. Og det betyr at eg har ei tilknytning til kyrkja. Eg vil ikkje stå fattig og ribba tilbake om dei avskaffar denne kyrkja, slik at eg ikkje hadde noe der å gjere. Men eg har ei tilknytning til det som minner om det dei fleste menneske har. Og den skal ein altså ikkje kimse av, og dette var altså ikkje eit taktisk argument, dette er eit reelt argument. Kyrkjas sosiale, politiske og kulturelle betydning kan overhovudet ikkje undervurderast.

Danielsen: Om vi går litt vidare til neste felt som du hadde ansvar for i dette store departementet, og tar utgangspunkt i noe av det du var inne på i stad når det gjeld kva som er drivkrafta i den endringa av samværsformer som vi var inne på: Ein av dei tinga som ein kan trekke fram når det gjeld den aktive kulturpolitiske verksemda di som statsråd, er jo då å få kanalisert midlar ut, ein desentralisert kulturpolitikk på den eine sida, og også ambisjonar om at folkeleg kultur, arbeidarkultur, skulle komme sterkare fram i lyset. Føler du at du lykkast med dei ambisjonane du gav uttrykk for i forhold til desse felta? Var det noen av dei tinga som vart gjennomførte innanfor kulturpolitikken, som kan ha vore med på å prege eller framskande den endringsprosessen som du var inne på i stad?

Førde: Kulturpolitikken er forferdeleg viktig. Og dette var eit område der eg i ettertid ser at vi gjorde mykje, mykje meir riktig enn det vi var klar over den gongen. Hugs på eg vart statsråd 36 år gammal og var veldig prega av mangel på tolmod. Då eg hadde sete der i to år, var eg først og fremst misnøgd med det eg ikkje hadde fått igjennom. Men når eg tenker tilbake på det etterpå, er det ingen tvil om at det vi starta på 70-tallet, med kulturmeldingane og det, i røynda byrje å gi landet og kommunane, fylkeskommunane ein kulturpolitikk som vi i praksis ikkje hadde hatt før 70-talet, altså det er av dei store samfunnsomformande kreftene. Og eg trur nok eg kunne gi konkrete eksempel på reformer som har forsterka den prosessen vi var inne på, altså den store demokratiseringsprosessen.

Betydninga av kulturpolitikken har gått opp for meg i endå sterkare grad, ikkje minst då eg sat i NRK, fordi – og dette har med globalisering å gjere: Om du no ser på kva resultatet av globaliseringa er, så vil du sjå at ei lang rekke av desse her gamle nasjonale symbola –. Forsvaret vårt er i Afghanistan, tolltenestemennene, passkontrollørane strever med å få tida til å gå, og dei finn på alle slags moglege påskott for at dei har eit meningsfullt arbeid. Vi har Aftenposten som ligg ute og prøver å forsvare riksvåpenet av og til, mynten er vekke, alle dei gamle nasjonale symbola har i globaliseringsprosessen –. Om du ser på kva Norge er, det er heilt på det reine at vi kunne klare oss med eit helsevesen drive av serbarar og svenskar. Vi hadde truleg overlevd. Vi kan klare oss utan nasjonale aluminiumsfabrikkar, og om Telenor blir selt ut, det har lita betydning for arbeidsplassane om vi har eit miljø og sånt, sånn i forhold til nasjonen.

Og så spør: Kva er Norge? Eller: Kva er ein moderne europeisk nasjon? Og spør: Kva er det som er limet i dei? Så blir du nesten heilt forundra over korleis dette i vår tid er knytt til språk og kultur. Og det såg eg veldig sterkt der eg sat på kringkastingssida, fordi her kjem det store, interessante Polen seg ut av Sovjetunionen. I tradisjonell forstand, og særleg fordi det er Polen, så vil du tru at no fører det til massiv mobilisering av ressursar for å bygge opp hæren.

Dei gav faen i hæren sin, men dei satsa noe enormt på fjernsynsselskapa sine. Dei visste kva som var limet i den nasjonen, og kva som skulle til for å bygge eit fellesskap. Og om du ser på det rundt om i Europa no, så ville du – ikkje alt sympatisk, noe av det er ganske forferdeleg – men så ville du sjå korleis konsentrasjonen om å styrke nasjonal kultur og språk, det er heilt avgjerande når elles næringsliv og alt blir globalisert og det ikkje finst nasjonale symbol som –. Altså har kulturpolitikken brått vorte mykje viktigare enn det den var. Det er karakteristisk at – det står ein sær interessant kronikk i Dagbladet ein av dagane no, der dei seier at det er på tide å –. Samane har fått grunnlovfesta sin rett til språk og kultur. No må hovudkulturen få grunnlovsfesting for nasjonale –, altså det er heilt logisk, riktig tenkt, i forhold til kva slags betydning språk og kultur har. Det har vorte ein annan kultur, den er mykje meir mangfaldig, det er nye bidrag til det, men du kan sjå at til og med dei mest militante av våre innvandraraksepterer at norsk språk er noe som også er deira fellesskap. Det hadde eg aldri trudd, men det altså, dei har også eit behov for å finne seg i ein ny identitet og i eit nytt fellesskap.

Og om eg ser tilbake på korleis vi utforma kulturpolitikken ved å gi det ei auka betydning, ved å ta opp ein del av dei basiske utfordringane som låg der i forhold til ikkje minst minste kritisk masse. Den norske operaen er naturlegvis enormt viktig i dette perspektivet. Så eg er ganske stolt av det vi gjorde på kulturområdet. Ikkje minst om du set det inn i ein ideologisk kontekst, og det vi snakka om tidlegare om korleis det har medverka til å rive ned skrankar og demokratisere det norske samfunnet, så alt i alt: Eg er nokså sikker på at det var det viktigaste eg fekk vere med og gjere, også fordi kulturpolitikken var eit område eg kunne følgje. Altså, mitt problem er jo at når du er ferdig som statsråd, så skal du ikkje gå som kårkall. Kodeksen tilseier at då held du deg unna det området, og eg kom meg unna utdanning. I ei utstrekning som eg i dag angrar på, for eg hadde ei veldig stor interesse for utdanning, og dessutan fekk eg små barn, slik at eg fekk kasta det på meg då livskvelden kom.

Men kulturpolitikken følgde eg heile tida. Kunne hjelpe når eg sat der med større ansvar og var parlamentarisk leiar og alt sånt. Og dei lange linjene i den kulturpolitikken vi førte, er eg veldig stolt av. Og eg fekk den av, det er altså udiskutabelt, i form av folks kulturforbruk. Og det, vi kjem framleis til å sutre over at folk berre ser på "Idol" og alt sånt, men det er jo rett og slett ikkje sant. Det er ein myte som tabloidavisene skaper. Om du ser på kva slags forbruk det er også i etermedia; sjå på P2, rekk over ein million lyttarar kvar veke. Og så seier dei at lyttetida ikkje er lang nok. Nei, altså den blir samanlikna med ein stasjon som står i frisørsalongen, som ei lydkulisse. Altså, dei som høyrer på P2, høyrer, og dei høyrer kanskje eit kvarter. Å sende opera på NRK2: Om du skulle bygge opera for alle dei som er interesserte i det, så måtte du bygge fire nye operabygg. Det er eit forbruk av det vi kan kalle verdifull kultur, og det kallar vi det utan blygsel fordi kulturpolitikk er verdiforankra og føreset kvalitetsvurdering. Så er det enormt kva slags sprang framover vi har gjort når det gjeld forbruk av det.

Lange: Kan ein då seie at det ein har gitt avkall på når det gjeld styringsmiddel og innsats i andre sektorar, som vi snakka om før pausen, blir kompensert av ein større innsats og ei meir omfattande mobilisering på dei områda som politiske inngrep faktisk kan gjere noe med?

Førde: Ja, det ville jo vere logisk, men framleis må vi jo konstatere at Kulturdepartementet er eit lite minidepartement, ein liten tarm som ikkje har noe å gjere i kampen om pengar. Når dei store elefantane knullar, så må dei komme seg vekk. Samferdsel og forsvar slåst om milliardane, og her er det livsfarleg å vere i nærleiken. Og kulturen er altså innesperra i ein liten minigetto, framleis. Det har altså ikkje fått den breidda og tyngda, det ser du veldig godt når du er kringkastingssjef, når du ser kven som kom igjennom med lisens og såne ting, ikkje sant. Det hjelper når kulturministeren er visestatsminister. Men elles er kulturministeren

ein som blir utsett for milde gåver mot slutten av budsjettprosessen. Det har då vore nok, også fordi det har vore eit betydeleg lokalt og frivillig innslag, til å få til ei veldig, gigantisk mobilisering. Men vi kan ikkje seie at vi på noen måte har følgd opp, budsjettmessig eller ressursmessig, det eg no beskriver som kulturens betydning i det norske samfunnet. Også om du legg til ein annan viktig ting, at i distriktssamanheng har det jo no vorte ein av dei viktigaste sysselsettingsfaktorane, fordi urbaniseringa er frivillig, og då er det ganske viktig om det finst eit kulturtilbod, eller for den saks skyld ei travbane i nærleiken. Altså kultur i vid forstand som gjer at du vil bu der, og den sida ved kulturinnsatsen, den kjem til å komme no, med veldig tyngd.

Pharo: Når du no sit og ser tilbake, så er dette viktig. Kor medvitne om kulturens betydning var de i samtida?

Førde: Å, eg vedstår meg mine foredrag om kulturen også, fordi, altså – eg skilte ut tre område. Det eine var dette med demokratisering, at kulturmidlane må ut til fleire, og då visste eg ikkje at vi hadde sett i gang noe som gjorde at det kom til å bli ganske synleg. Det andre var media, som var ein forholdsvis lite dristig spådom, at vi ut på 80-talet kom til å få, at kulturpolitikken vart prega av mediediskusjonen. Det tredje eg tok opp, var – som har forundra meg litt i ettertid – men det var nok noe vi følte då, det var altså auka vekt på dei profesjonelle kunstnarane sine vilkår. Vi hadde vel ei kjensle av appellen i form av det utvida kulturomgrep og som var gått for langt, sant. Vi hadde kanskje gått litt for langt i form av å legge vekt på bygdekulturen og amatørteatera og alt dette. At det no var på tide med eit løft igjen for dei profesjonelle kunstnarane. Det var så å seie testamentet mitt, då. Om du ser på kva slags, om du les foredraga mine om kulturpolitikk om kva slags ideologisk siktemål dei har, anten det er snakk om kultur eller media, det vedstår eg meg alt saman. Og det er altså

forløparen til den typen tankegang som eg ser mykje klarare no som globaliseringa har ramma oss.

Danielsen: Det har vore sagt om nasjonalkulturar at dei treng å uttrykke seg gjennom eit nasjonalt språk, og at eit nasjonalspråk igjen er eit språk som har ordbok, hær og flåte. Mens du ymtar vel om at ordbok, opera og kringkastingssselskap er viktige. Eg lurte på om vi kunne bruke det som ein overgang til å snakke litt om utviklinga av den norske mediesituasjonen, å seie litt meir om den. Om vi kan ta utgangspunkt for eksempel i debatten om kringkastingsmonopolet rundt 1980 som du var ein deltakar i. Altså både om ståstadene i den rundt 1980; i kva grad dei var prega av situasjonen der og då, eller om dei var prega av det du langt på vei såg komme; og litt om konsekvensane av dei grepa som vart tatt rundt 1980.

Førde: Ja, debatten om kringkastingsmonopolet i dei seinare dagar er jo ikkje ein debatt som vi som deltok i den, frivillig oppsøker, då sa vi vel mykje rart. Og det gjeld ikkje berre meg. Langslet var jo så seint som to år før, han gjorde det store, han var med i eit Høgre-utval som bastant slo fast at dei ønskte at monopolet skulle fortsette. Georg Apenes har skildra dette svært lysande for meg. Og eg for min del, eg såg nok noe komme, hadde byrja å gi dei første dispensasjonane, ikkje sant, dreiv og nedkjempa ein nesten sånn komisk hardnakka dogmatisk haldning i embetsverket. Speidarar skulle halde ved radioen, altså tidsbestemte sånne radio –. Vi laga ein prøveradio oppe i Volda, og dei åtvare på det sterkaste mot at studentane skulle få arbeide med sin eigen radio. Så eg såg nok noe komme, men eg kan sjølvsagt ikkje seie at eg såg at vi så dramatisk måtte endre monopolet på relativt kort sikt, som det vi gjorde. No vart jo dette gjort på ein måte i Norge som ingen andre land gjorde det på, og er eg ikkje heilt sikker på den dag i dag om ikkje vi kunne gjort det litt meir over langs. Men det er den type debattar som eigentleg ikkje har noe sånn særleg for seg.

Det vi må seie, er at dette var jo ein del av høgrebølgja. Ein viktig del av høgrebølgja. Nærradioane var eit symbol på fridom, og det passa altså inn i den ideologiske offensiven som kom. I tillegg hadde dei også på dette området teknologien, den internasjonale utviklinga, med seg, og det er klart at det er krefter som ein på sikt ikkje kan slåst mot. Framleis ligg det ikkje minst ein masse lik igjen, fordi ein etablerte ein masse nærradio rundt om i heile landet, og mange av dei var veldig verdifulle, men dei fekk altså ikkje grunnlag for eksistens i ein inntekts-, dei fekk ikkje reklameopsjonen, og dei fekk ikkje andre høve heller til å eksistere. Dei var avhengige av frivillige bidrag, som naturlegvis førte til at noen av dei mest verdifulle døde, mens musikkboksane overlevde. Jukeboksane overlevde. Så det vart gjort mykje rart i denne fasen, men oppbrekkinga av monopolet skjedde jo då på fjernsynssida, ja, det kom altså noe Sky-greier og noe sånn satellittfjernsyn inn.

Eg må vel seie at NRK Fjernsynet hadde, om eg skal vere heilt ærleg, ikkje noen kjensle av at monopolet var oppheva før TV2 vart etablert. Den type konkurranse som ein hadde med eit skrap-TV-Norge og noen tilfeldige utanlandske: I røynda var jo NRKs sterkaste konkurranse, det var jo austlandssjåinga på Sveriges Televisjon. Og det hadde ein levd med, fordi det var ein slektning, men den var jo betydeleg. Men sjølve konkurransen, det å legge ein konkurransestrategi for korleis dei gamle tankane skulle overleve, det gjorde vi ikkje før vi såg TV2 kom. Før det levde vi i det, det var litt sånn at vi ønskte dei alt godt. Vi legitimerte monopolet vårt. Så der kom det mykje meir gradvis.

I radioen vart det jo ein heilt annan dramatisk konkurransesituasjon, men det er jo karakteristisk nok, det er der NRK klarte seg best. Noe som då forsterkar min eigen tese: at NRK hadde forferdeleg godt av konkurransen. Og den lærte seg til å trivast med konkurransen; slike gamle statlege dyr, dei kan beint fram dresserast til å like konkurransen, i motsetning til dei fleste i næringslivet, som taler veldig fint om konkurransen når dei har landsmøte, men som hatar den kvar jævlige dag, som prøver alt dei kan med å gjenetablere eit monopol. Dei

hatar konkurransen sin. I motsetning til det, så greidde vi altså i den organisasjonen å bygge opp eit veldig positivt forhold til konkurransen. Alle såg at konkurransen gjorde oss betre, og den stimulerte oss og fekk fram nye krefter. Så om eg skulle sjå på det som kringkastingsjef seinare, er det klart at oppløysinga av monopollet og den relativt langsame tilvenninga til ein marknad, det skjedde på ein måte som for NRK berre var ein fordel. Og det er karakteristisk nok, det er ikkje berre fordi vi var så jævlig gode, men det er altså ingen, det er ingen allmennkringkastarar i den vestlege verda som står sterkare enn NRK.

Lange: Men kvifor såg ein ikkje, då denne oppbygginga kom, det ideologisk umoglege i å halde på ein monopoltanke? Altså, det var vel ei oppleving, som noen av oss som var til stades hadde, at her kom det ein tanke som på ein måte var uimotseieleg, ”eteren bør vere fri”, slik som trykkefridomen bør vere til stades. Kva var det som gjorde at det var så tungt for Arbeidarpartiet å møte denne opninga?

Førde: Ja, det veit eg ikkje, om det var så tungt. Ein kom seg jo forholdsvis fort inn på dette, allereie i slutten av 70-talet var ein altså inne på, eller seinare utover på 80-talet, inne på det aktive, å etablere TV2 og alt dette. Så den type dogmatikk som vi hadde omkring dette, var altså ikkje meir påtrengande enn den type dogmatikk som vi har vore inne på tidlegare. Norge var eit ein-institusjonssamfunn, det var eitt LO, ei statskyrkje, ei kringkasting. Det var eitt av alt i Norge. Og for mange var det at det skulle bli noe anna enn eitt, det var ein heilt uhyrleg tanke. Særleg dei som då var engasjerte i dette eine. Altså: Den største monopolmotstanden var i NRK, inntil dei vart fortalt andre ting. Men det går framleis folk nede i NRK som meiner at – ei av de gjekk av no, og ho er ei av dei beste radiofolka vi har: Ho klagar over at det vart tre kanalar i dag. Sant, det er framleis nok med P1, for då kan du lure alle folk med på alt. Altså, trua på at det var mogleg når det vart fleire hundre kanalar, den er framleis til stades.

Og den type dogmatikk finn du på alle område. Eg seier til dei, det er berre ein måte å seie det på: Du må gråte det ut, bli ferdig med det, det kjem aldri tilbake, men det måtte gråtast ein god del, ikkje sant. Det er jo sånn: ”Lite glede i den sorga, sa kjerringa, ho gret ved feil grav” (latter). Dei gret og gret og gret desse her, men det var ikkje så veldig lenge dei heldt på med det.

Og dessutan må det leggst til at så brått var det ikkje. Fordi i noen land beholdt dei reelt sett monopolet langt inn i – Austerrike har ikkje hatt andre nasjonale kringkastingsselskap, heilt opp til våre dagar. Du kan seie at dei hadde ei viss overspeling frå Sveits og Tyskland og Tsjekkoslovakia og mykje anna, som gjorde at dei hadde eit visst mangfald, men dei hadde eitt kringkastingsselskap, og det har dei klart å halde til langt inn på 2000 –, så i og for seg så var det mogleg. Irlendarane, det er jo mykje meir forståeleg, dei skal konkurrere mot BBC og dei amerikanske, dei er på eit verdsspråk. Dei er litt mindre enn NRK. Dei har vore steinharde på nasjonal konsolidering og nasjonal oppslutning, og det merkelege er jo at i ein del av desse nye, Ungarn og Tsjekkia kjenner eg best, dei trudde jo at fridomen var kopla til at om dei greidde å få selt, eller få etablert ein masse private kringkastingsselskap, så ville dei ta knekken på det gamle forhatte kommunistiske, så var fridomen der. Resultatet var at dei selde ut alt som var av all slags, til Murdochar og Stenbecker og alt som er igjen til stades der. Dei vart ganske fort dei største kanalane, og det vart liv og røre, bingo og Jeopardy og –. Og no kan du ta – altså alle medvitne tsjekkarar var einige om at det dei burde gjort, var å reformere og satse på den nasjonale kringkastinga. Polakkane gjorde det. Lure. Polakkane er noen lure jævlar, og dei er store nok til å ha tyngd til å gjere det. Så dei kombinerte altså ei sterk nasjonal kringkasting med ein viss fridom. Det vart etablert noen private òg, og det var kontrollert, og dei sørgde heile tida for at det nasjonale hadde hegemoni. Dei andre selde det berre ut. Og det er mange som ønskjer seg tilbake til ei ordentleg satsing på dei nasjonale

institusjonane og ein – du kan seie – meir dogmatisk kringkastingspolitikk enn den som var på moten ein stund.

Danielsen: Så ei slags samanfatning av ein del av dei tinga du har snakka om no, er at du framstår som optimistisk på vegner av det å kunne oppretthalde ei slags fellesskapskjensle og ein slags, la oss kalle det ein slags nasjonal kultur, med relativt enkle verkemiddel, og med det som blir igjen etter at dei store gigantane i departementsverda har slåst frå seg, i møtet med Murdoch og så vidare?

Førde: Ja, så langt har det gått. Men eg veit ikkje kor optimistisk eg er. Fordi her ligg det noe, dette er svære greier. Som du sjølv nemner, dei største selskapa i verda i dag er ikkje oljeselskapa. Dei heiter Microsoft og AFL, America Online Time Warner og slike ting. Dei er globale institusjonar, og dei er på veg – altså, dei er reelt sett grenseoverskridande. Og eg meiner at hovudproblemet med det å etablere og sikre ein nasjonal kulturpolitikk er å sikre norske eigarskap. Dette er det einaste området der eg har ein viss dogmatikk i forhold til eigarskap, fordi eg trur – eg ser at ein del av dei erfaringane eg har hatt, det gjeld ikkje minst med australsk eigarskap, Murdoch altså – at det er ganske viktig, særlig for eit lite land, eit marginalt land. Norge er eit marginalt land. Det einaste som gjer at Norge ikkje er marginalt, er at vi er del av eit skandinavisk språkfellesskap. Det kan berge oss. Altså skilnaden mellom fire og ein halv og eit par og tjue millionar menneske kan komme til å vise seg heilt avgjerande for at vi greier å halde på ein nasjonal kultur. Men Norge er altså så marginalt at om du ikkje har noen som har primær lojalitet til dette samfunnet, som også sit og eig media, så blir eg litt redd. Og eg har då påpeikt at dei der eigarskapsdiskusjonane som Stortinget –. Det er altså ein diskusjon om norske aktørar skal tillate seg å bli sterke nok. Mens utfordringa om ti år er: Er det noen norsk aktør der i det heile?

Det der er ein analyse eg er heilt sikker på. Det er – altså vi hadde vore langt på veg dit. Om ikkje Tormod Hermansen hadde gjort eit heimkjøp av A-prensa, så hadde A-prensa i røynda vore finsk, som er i og for seg akseptabelt, som i nordisk samanheng kanskje er noe å leve med. Men altså, nasjonalt eigarskap er no eit kritisk område for medieutvikling. Og der – eg er ikkje, på noen område er eg ikkje så forferdeleg optimistisk, fordi eg synest ein del av kulturpolitikken no er forferdeleg dårleg. La meg ta eit eksempel. Det som openbert er NRK og BBC si store utfordring når dei digitale kjem, det er eitt område som dei trudde dei hadde heilt for seg sjølv: Barn. Barn trudde BBC og NRK at det er det ingen andre som gidd, det er ikkje kommersielt. Så då går det frå digitaltilbodet i Norge fem heildekkande barnekanalar, som er versjonert til ikkje altfor dårleg norsk, som har ein kvalitet som ikkje liknar grisen. Det er veldig mykje teikneseriar av valdeleg karakter, og NRK har altså ein halvtime. Om du skulle snakke om ein nasjonal kulturpolitikk, så er det å gi barn, altså tilbake til Prøysen igjen, det at barna har eit tilfang av ein nasjonalprodusert kulturarv; du kan sjå kva slags glede som oppstår når du lagar desse julekalendrane med desse blåluene og alt dette her. For ei enorm dragning det har til barn, men no er dei altså då dag ut og dag inn fora –. Altså, det at ikkje politikarane –, BBC har riktig nok no etablert to barnekanalar, to digitale barnekanalar. Så der er dei, dei har ressursar, dei får lisens frå 70 millionar menneske –.

Band 2, side 1

Førde: Dette med eigarskap og dei nasjonale institusjonane har jo også ei kvalitativ side som er ganske viktig. Eg berømmar så ofte eg kan Schibsted som ein medieeigar som i vestleg samanheng er nesten heilt unik. Ein medieeigar som konsentrerer seg om å vere medieeigar, og som nesten ikkje – i heile si lange historie – kan takast i eit einaste overgrep i forhold til redaksjonell fridom. Dei har riktig nok i gamletida vore, som Aftenposten, ei solid høgreavis.

Men det var jo ikkje noe problem, fordi redaktørane var jo endå ivrigare enn eigarane på at det skulle vere linja. Stort sett er det altså berre å ta av seg hatten for det norske private medieeigarskapet. No ser vi jo ei utvikling der ein debatt om journalistikken og medias rolle blir veldig påtrengande. Eg meiner jo framleis at det er mykje rart i den debatten, og det er ein forbausande – i mange rekker – mangel på kjensle for kva slags heilt avgjerande demokratisk rolle ei fjerde statsmakt speler. Dette har eg skrive om i Bergens Tidende i dag, der eg har skrive om positive nyhende. Eg er heilt einig med Bondevik i at det er altfor mykje kritikk, så eg har for eksempel sagt at i forhold til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap, der alle skriv om desse båtane som går på land og promillekøyning og havari og alt sånt, så burde Bergens Tidende kvar dag skrive eller publisere liste over alle snøggbåtar og ferjer som kjem trygt til kai kvar dag. Strålande stoff (latter).

Tendensen til å undervurdere den kritiske, heilt avgjerande rolla som pressa har, og dei omkostningane det må ha, den er utbredt, men det hindrar ikkje at ein del av dei tinga som no kjem om pressa, er relativt vanskeleg for media å vri seg unna. Det er ein klar tendens til at den gamle devisa om at ting skulle vere vesentleg –, om du tar Dagsrevyen i dag, for eksempel – vi kjørte vesentlegheitskriteriet. Ta den vanlege Dagsrevyen, så vil du sjå at det er altfor mykje kriminalitet der. Eit mord er ikkje vesentleg. Eit ran i Stavanger er ein vesentleg ting, men eit vanleg tragisk mord som du som regel ser innanfor ein bekjentskapskrins og vennekrins, er ikkje vesentleg. Eit ran av ein 7-eleven-butikk på Adamstua er ikkje vesentleg. Ei bilulukke er heller ikkje vesentleg. Denne tendensen til å få det actionprega og det underhaldningsprega fram er etter mi meining den verste innvendinga du kan gjere mot dette.

Det andre er naturlegvis personfokuseringa. Den litt håplause, ja, det som heiter kjendisjournalistikken, med eit ord, som altså reiser noen heilt avgjerande etiske problem. Dette har vi diskutert veldig mykje i redaktørsamanheng. Og eg meiner det er ein samanheng mellom kva slags eigarskap vi har og kva slags institusjonar vi har, og den kvaliteten vi greier

å halde på journalistikken. McKinsey har laga ei veldig interessant utredning over kringkastingsselskapa og finn noe veldig interessant, nemleg: Der du har ein kombinasjon av sterk marknadsdel og sterk kvalitet hos allmennkringkastaren, som du har i Storbritannia, i Sverige, i Norge, der har allmennkringkastaren sin kvalitet ein tendens til å spele over også på dei kommersielle. Mens Italia har også ein veldig sterk allmennkringkastar, men den har ein heilt annan kvalitets – der er alt saman, RAI, og alt det andre, også før Berlusconi, ei einaste suppe. Det å halde institusjonar som har i sitt oppdrag ei nasjonal oppgåve, og også ei kvalitetsoppgåve i forhold til media, det trur eg blir eit ganske kritisk spørsmål.

Danielsen: Eg har eit oppfølgingsspørsmål i forhold til dette: Du legg veldig vekt på kvalitet, og du legg vekt på nasjonal eigarskap i forhold til media og kringkastingsselskapa si betydning for fellesskapskjensle og kulturelt fellesskap. Er det noe slektskap mellom den måten å argumentere på og måten ein argumenterte for monopol på for 25 år sidan, eller er det to skilde verder?

Førde: Nei, det er slektskap. Det er klart det er slektskap, fordi det fanst mange gode argument for monopol. Det er som denne Høgre-utredninga. Det som eg følte den la veldig vekt på, var at det viser seg at mangfaldet er best ivaretatt ved monopol. Og det er framleis, altså gitt tida, det er klart at med sendeflate og alt sånt, så kan du ikkje samanlikne NRK den gongen og no. Men du vil bli slått av – om du går gjennom programbladet – variasjonen i det ein greidde å prestere også den gongen der ein hadde éin radiokanal. Det var veldig stor vekt på at her skulle det vere kvalitetsprogram i alle kategoriar, og NRK skulle kunne drive alle typar journalistikk. Monopolet var ikkje ein einsrettande institusjon i Norge, der det nesten ikkje finst eit einaste eksempel på ein statsråd som blandar seg inn, i motsetning til i Sverige

og Danmark. NRK har hatt ein enorm redaksjonell fridom, og den har stort sett vore utnytta til å presentere eit mangfald.

Altså, myten om at dette var ein partiorganisasjon som dreiv propaganda på vegner av eit statsberande parti: Om du undersøker det der seriøst, så vil du nesten ikkje finne hald for det. Du vil finne noen rare greier, men stort sett går NRK heilt fri av det der, og monopolet, altså ein fornuftig oppbygd nasjonal institusjon –. Du vil finne veldig mykje av den argumentasjonen rundt omkring. BBC skal ha fornya sin lisens no i 2006, og dei har byrja med debatten om BBC si rolle og lisensen si framtid, der spørsmålet om du kan oppretthalde ein særskatt på noe så kuriøst og gammaldags som eit TV-apparat, kjem opp og vil få store konsekvensar for alle. Du vil sjå at argumentasjonen omkring BBCs betydning for det britiske folket, den ligg i denne gata her. Og du kan jo filosofere over at Margaret Thatcher, som privatiserte alt ho såg, ikkje rørte BBC. Det hadde noe med – ho kunne liksom ikkje seie at det er no Murdoch som representerte det dei er ”proud of ” her i –. Ja, BBC var ein av grunnpilarane også i hennar Storbritannia. Bortsett frå noe som skjedde i Frankrike, der det til gjengjeld var meir statleg einsretting enn i Breschnevs Sovjetunionen, slik at dei måtte gjere om for å brette det opp, så har det ikkje skjedd ei privatisering av ein einaste ein av desse gamle institusjonane. Og det må ha med noe av det du spør om å gjere, sjølvsagt, det må ha ei kjensle av at no er vi ved –, altså, vi kan godt selje sementfabrikkane våre, men no er vi ved nasjonens kjerne.

Lange: Ja, eg tenkte vi skulle gå over til eit anna felt, nemlig sjølve arbeidet i regjering og storting. Vi kunne kanskje byrje med di eiga oppleving av korleis det var å komme inn i regjeringsarbeidet, og korleis du opplevde at dette forandra seg i di tid.

Førde: Ja, eg kom inn i regjeringsarbeidet på eit tidspunkt som var – eg var riktig nok ein ung mann – relativt seint i min karriere. Eg hugsar eg hadde sete i Stortinget i kvart fall i ti år då eg vart statsråd. Eigentleg var det då ei forfremjing som eg ærleg talt hadde venta kanskje kunne komme før, men. Det å bruke meg som kjelde i sånne ting: Altså, eg hadde berre to år i regjering. Neste gong det var aktuelt, så valde eg å bli i Stortinget som parlamentarisk leiar, slik at når det gjeld å vurdere regjeringsamarbeid og regjeringsarbeid/arbeidsformer, så er eg ikkje noen god kjelde. Det er ei svær oppleving for den som driv med politikk, å komme inn i ei regjering, det trur eg at nesten alle vil seie. Det er faktisk noe alle skulle prøvd. Det å sitte i ein posisjon der du seier: ”Eg vil ha det slik,” og så blir det slik. Det at du gir, altså sei at du hadde gått og studert her oppe og misunnt dei som dreiv å bygde husa der, fordi dei sette noe igjen etter seg mens du berre sat og las. Sant, det å kunne, ja, peike på reformer som du har medverka til, det var –.

Dei fleste opplever då det å sitte i ei regjering som ei enorm utviding av si eiga, ikkje berre makt, men også: Det er så interessant. Du går og legg deg fordi dagane er så innhaldsrike. Du går ikkje og ranglar fordi du har så gode dagar. Interessante dagar. Så er det ein veldig viktig ting med det der regjeringsarbeidet. Altså, vi lærte oss –, eg kom jo seinare i ein posisjon der eg fekk mykje ansvar for å peike ut folk som skulle sitte i regjeringa. Det var partileiinga si oppgåve, og eg sat då i veldig mange år og hadde ansvar for å bestemme kven som skal vere utanriksminister, kven skal vere –. Så oppdaga du jo ein ting, og det var at meir enn nesten noe anna, det gjeld nok litt generelt, men meir enn på nesten noe anna felt måtte du prøve dei før du kunne gi ei evaluering. Regjeringsmedlemmer, dei veit du ikkje kva blir til før du har sett dei. Mange av dei vi trudde skulle bli gigantiske suksessar, vart floppar. Og dei vi ikkje trudde på, vart veldig gode regjeringsmedlemmer. Og det har nok litt med å gjere at egentleg er det ein ganske sjølvstendig jobb. Det er viktig når du kjem inn der, å tenke på at du er politikar.

Noen av dei som havarerte, og noen av dei gode havarerte, blir så fascinerte av livet i eit departement at dei blir klistra til inn-korga si. Altså, dei blir ein slags overdepartementsråd, og det er meir enn nok saker der til at du kan kose deg med dei dag ut og dag inn, skrive på dine merknader, ikkje sant. Og det betyr då at heile dagsordenen er sett av eit embetsverk. Det er den store feilen som eg ser reelt, og det gjeld alle val, og det gjeld framleis. Dei gode, dei som er gode, og dette kan du konferere med Finansdepartementet om, med Ulf Sand: Dei som tenker ut sånne ting som renter i studietida, dei driv ikkje med inn-korga. Dette meiner eg alvorleg. Det for politikarar å ha medvitet om at dei er politikarar, det er du som set dagsordenen, det er ikkje andre som bestemmer kva du skal gjere, det er det heilt avgjerande. Kva er viktigast i dag? Eg rørte ikkje inn-korga til slutt, men det var fordi eg hadde ein statssekretær som åt inn-korga. Han heiter Halvdan Skard og sit i Kommunenes Sentralforbund no. Han elska inn-korga, ikkje sant. Det eg måtte sette namnet mitt på, sette eg namnet mitt på, og det gjaldt å avgjere lokale lærartilsettingar eller inspektøartilsettingar, så slo eg mynt og kron og skreiv på. Ja, eg gjorde ikkje det, men i praksis. Eg brukte altså ikkje tid på det, slik at veldig mykje av vurderinga mi også då eg sat som parlamentarisk leiar og kom i den situasjonen at eg måtte berge noen statsrådar av og til, og noen var ikkje ein gong til å berge for dei kom i trøbbel i forhold til Stortinget, så var det nesten utan unntak alltid dei som hadde gjort seg sjølv altfor avhengig av embetsverket sitt. Dei hadde vorte ein organisk del av eit departement, mykje meir enn leiar av organisasjonen.

Det problemet ligg der, og den utfordringa ligg der, eg kan ikkje sjå at mykje er endra. Det som er endra, er at dei har fått mykje større politisk apparat. Det er fleire politiske stillingar også i dei mindre departementa enn det var i mi tid. Det burde jo egentleg vere eit tildriv til at dei i større grad utøvde eigen politisk dagsorden og eige politisk skjønn. Det som elles var ein interessant ting ved overgangen til regjering, noe eg trur vi kan gi Trygve Bratteli æra for, var knesettinga av at kvar sak ikkje får meir enn to sidars omtale. Altså disiplineringa

av embetsverket og statsrådar i å få fram det vesentlege i ei sak, og det som skulle seiast utover det, måtte helst gjerast munnleg. Det effektiviserte regjeringsarbeidet på ein veldig god måte, og eg ser at mange også i lokalstyringsverket tar etter det der. Ikkje minst det kommunale sjølvstyret held jo på å drukne i papir, og det å forlange at folk som står i full jobb klokka fem, skal begynne å lese dei bunkane – det er ingen eg har større respekt for enn dei som sit i ulønte kommunale tillitsverv, og som gjer ein innsats som –. Dei er nesten uhandterlege, i forhold til at byråkratiet styrer med papirbunkar som ingen vettuge menneske vil gå laus på. Det er altså – ein så liten ting som dét er eit av minna eg har frå regjeringsarbeidet som forandring i forhold til det livet eg forlét. Og så er det sjølv sagt betydninga av sakene, det er det å vere del av eit kollektiv som er besluttande, sjølv om tendensen den gongen i Arbeidarpartiet var jo – i alle fall i noen saker – til at ein danna undergrupper, det var ikkje alt ein slapp til på. Det var framleis ikkje stuereint på alle ting. Det aksepterte vi jo utan noe stort problem. Elles så er eg då, når det gjeld regjeringsarbeid og sånt, ei dårleg kjelde fordi eg rett og slett ikkje har tidshorisont som gjer at eg kan beskrive forandringar.

Lange: Men med utgangspunkt i dine ulike posisjonar har du kanskje større erfaring frå forandringar i forholdet mellom storting og regjering, eller om korleis stortingsregjereriet, som det jo har vorte heitande, utvikla seg i forhold til regjeringa sin autoritet?

Førde: Det der er jo beskrive både av maktuttreiarar og alle, ikkje sant, eg veit ikkje om eg har noen særleg originale synspunkt på det. I mi tid vil eg nok framleis hevde at det var den folkevalde makta som var problemet. Altså at overføring til embetsverket og organisasjonar var mykje meir eit problem enn forholdet mellom regjering og storting i dette. Dei hadde eit felles problem i at den folkevalde makta vart tappa, delvis på grunn av ei alminneleg

samfunnsutvikling, delvis på grunn av den globaliseringa som vi har snakka om tidlegare. Så vart det flytta nokså mykje verktøy vekk frå Stortinget, og det førte til avmaktskjensle, ikkje minst hos backbencherar, som gjorde at dei hadde då ein tendens til å hive seg inn i detaljregulering, ikkje minst i budsjettsamanheng. no er det eliminert, altså høvet til å drive den type påplussingar til det lokale songkoret er delvis eliminert gjennom ei anna budsjettordning enn den vi hadde. Men det var klart det var ein tendens til den type verkelegheitsflukt som reflekterte eit alminnelig problem som er beskrive av maktutreiarane.

No vil eg seie at det har nok skjedd noe gjennom 90-talet der som eg ikkje –. Altså, heile mindretalsparlamentarikarsituasjonen vart jo mykje meir akutt, der du fekk inn eit uberekneleg element som Framstegspartiet med ein heilt annan storleik enn eg opplevde noen gong i mi tid, som gjorde at hestehandlane og kompromissa –. Slik eg kan vurdere det, så laga dei betydeleg fleire dårlige kompromiss i 90-talet enn vi gjorde. Vi laga også mykje dårlege kompromiss. Men dei laga forferdeleg mykje dårlegare kompromiss som sprang ut av den situasjonen, ein situasjon som til slutt vart uholdbar. Og eg skjønner skildringa då av stortingsregjereriet. Eg skjønner det veldig godt fordi det er opplagt at i noen samanhengar har ikkje regjeringa hatt autoritet, og noen gonger har det der vore så akutt at oppløysingsrett og noen av desse institusjonelle reformene som dei aldri fekk til, dei er no overmodne i forhold til den nye regjeringa, ein reiskap for å kunne handtere Stortinget på ein annan måte. Men det er jo ikkje sikkert at Stortinget blir så håplaut samansett ”for ever”. Og no er det jo iallfall eit veldig sterkt ønske frå begge sider om å få til ei fleirtalsregjering. Om dei klarer det, det får vi sjå, men det er altså det uttrykte ønsket. Alle er misfornøyde med den mindretalssituasjonen vi har hatt, og det kan vere ei veldig nyttig, veldig nyttig erfaring for det norske politiske systemet om vi no kunne få ein periode med fleirtalsregjeringar igjen.

Lange: Om vi då går inn i dei meir personlege konstellasjonane: Du snakkar om at det var undergrupper i regjeringa, men du var med i ei partileiing i denne perioden der omstillinga fann stad. Der var det vel ikkje alltid fullt samsvar, og det var menneske som arbeidde godt saman og det var menneske som arbeidde vanskelegare saman. Kunne du seie noe om di oppleving av denne typen samspel og konflikhtar eller spenningar?

Førde: Ja, det er opplagt. I mi tid var det jo det i og for seg kritiske, nesten psykopatiske, forholdet mellom Gro [Harlem Brundtland] og Reiulf [Steen]. På sin måte var begge like latterlege, men det var jo på mange måtar også forståeleg fordi det har eigentleg aldri vore tatt noe oppgjær med det Reiulf Steen gjorde. Om du ser på heile Engen-saka, det faktum at det er Arbeidarpartiet sin leiar i ein lang periode som er hovudkjelda for alle dei plagsame lekkasjane, altså det er ei form for organisasjonskjensle –. Så eg er eigentleg litt forundra over at mannen overlevde. Å overleve sånn, tilsynelatande som ein respektert politiskar, fordi i mi bok ville det vere nesten det verste du kunne gjere i forhold til å rive ned tillit og dette –. Gro som då er eit alvorsmenneske i forhold til sånt, ho hadde det der, slik at ho fekk då altså ein –. Det var jo ikkje i og for seg noe som då prega partiets arbeid så veldig mykje, fordi dei hadde kvar sin epoke. Dei sat riktig nok og stanga i regjeringa. Men generelt sett må ein seie om Arbeidarpartiet – når eg tenker tilbake på det – dei har laga eit eige avsnitt om desse her verva og vala og alt dette. I ettertid og med avstand var desse personspørsmåla betydeleg mindre interessante. Altså, dei er i historisk samanheng ikkje så veldig interessante av ein einaste viktig grunn, som faktisk er ein realitet: Arbeidarpartiet hadde ein veldig sterk kultur for kollektive avgjerder.

Arbeidarpartiet var eit kollektivt vedtakssystem. Om du søkte jobb eller stilling i partileiinga der, så var det på ein måte underforstått at dette er ikkje staden å drive opposisjon frå. Altså, her har du ein ting å gjere, og det er å innordne deg i eit ordentleg arbeidsfellesskap

og yte ditt bidrag til dette arbeidsfellesskapet, og ditt omdømme er avhengig av dette arbeidsfellesskapet. Det er den gamle måten å tenke på, og den hadde vi med oss heile tida, slik at kven som sat i ulike konstellasjonar nok – du kan skrive masse interessant om det, men det vart aldri noen hovudsak. Min periode i partileiinga fall altså saman med Gro Harlem Brundtland, så eg konstaterer at den boka om Gro Harlem Brundtland som må skrivast, den er det berre eg som kan skrive, for den er ikkje skriven.

Lange: Du kan kanskje gi oss noen –

Førde: Nei, men i denne samanhengen her er det ganske viktig, det er ein viktig ting at Gro er ein ganske demokratisk leiar. Ein av hennar store styrkar er evna til å lytte. Ho lyttar reelt. Ho kamuflerer det ved alt dette snakket sitt, som gjer at mange har ein tendens til å undervurdere både hennar intelligens og –. Hennar intelligens er utprega reproduserande. Ho har veldig sjeldan stor fantasi og nye idear, men den er ekstremt ryddig, og den er ekstremt, ja, eg vil kalle den demokratisk. Slik at kjensla av å vere med i ei partileiing der, det var ikkje ho, det var den tidlegare generasjonen som hadde ein tendens til å ville sjalte meg ut i frå noen slike samanhengar. Ho behandla meg heile tida som ein fullverdig, viktig medlem av denne partileiinga, til tross for at alle visste at eg var ikkje hennar val.

Elles er faktisk det mest interessante – viss ein skal skildre personkonstellasjonar, så er det mest interessante kanskje ikkje internt i partileiinga, eller forholdet mellom Gro og Reiulf, og for den saks skyld mellom Reiulf og Odvar. Det var no det det var, det meste er kjent. Men eg held fast ved det eg sa at dei viktigaste møta vi hadde, hadde vi kvar måndag i den såkalla samarbeidskomiteen med Landsorganisasjonen. Det at ingen har sett seg ned og undersøkt forholdet mellom dei til eikvar tid sittande LO-leiarar og partiformenn, kva slags arbeidsfellesskap fleire var med på der, det har forundra meg. Men dette har dei politiske

journalistane ei betydeleg evne til å oversjå. Endå alle visste at i gamle dagar var det slik at når Konrad (Nordahl) og Einar (Gerhardsen) vart einige om noe, så var det ikkje noe behov for noe allmannamøte – verken på den eine eller den andre sida. Altså, det var ordentlege tillitsfolk, og dei gjekk ut frå at dei hadde tillit. Konrad hadde 500 000 som var einige med han (latter) viss han og Einar var vorte einige. Altså, denne evna til å handle som tillitsfolk. Det at dei visste at viss eg no gjer noe galt, så mister eg huet, men dei får pinadø ta det i –. Altså, det gav ein enorm styringsstyrke, og det var jo fordi dei hadde då utvikla, ikkje vennskap, men gjensidig respekt. Og det der var jo ikkje så lett å reetablere. Du hadde nok noen tendensar under Tor Aspengren og Trygve Bratteli. Men dei er altså heilt forskjellige typar.

Når vi kjem inn i min epoke, er det kanskje interessant det der med Tor Halvorsen, som var veldig instrumentell i ein del av dei svære reformene, og som også hadde – fordi han var miljøvernminister – eit blikk for miljø som LO ikkje har vore spesielt kjent for verken før eller seinare. Yngve Hågensen var ein svært viktig mann. Han var i utgangspunktet Reiulfs mann i Akershus Arbeidarparti, og Reiulfs støtte, men vart etter kvart veldig ruvande, som også Leif Haraldseth, hans forgjengar. Det dei gjorde var jo i og for seg å sette den solidariske lønnspolitikken, og kvitte oss med den dumme særnorske inflasjonen og alt det der tøvet med at dei dreiv å la på lønner, og så vart det oppspist i løpet av fem månader, så gjekk alle og sutra over det. Ikkje sant, du fekk eit betydeleg reallønns –, du fekk orden på lønnsoppgjera, og du forbetra konkurranseevna. Og det er ein formidabel prestasjon. Det er i samfunnsbyggarsamanheng noe som kvalifiserer til småstatuar i heimen. Og dette dreiv dei då med i relativt mange år, og særleg Yngve gjorde det då også med den autoritet som han etter kvart fekk som tillitsmann, og han gjorde det i eit veldig nært samarbeid med partiet.

Men den relasjonen, LO-formann – partileiar, den er for lite undersøkt. Og den var den viktigaste relasjonen eg såg når det gjaldt å finne løysing på problem. Også der ein naturlegvis

styrte mot konflikt, og det var jo ikkje så sjeldan, så var det tillitsforholdet heilt avgjerande. Der må ein jo seie at Gro var ein ypparleg samarbeidspolitikar. då ho byrja sin periode, hadde ho dessutan ein grad av audmjuke som aldri har komme fram. Ho visste svært godt at ho ikkje hadde gått i gradene. Ho hadde ikkje sett fram resolusjonar i Oslo Arbeidersamfunn og fått fire stemmer for dei. Ho hadde alltid vore med på den andre sida, ho hadde betydeleg respekt for at ho hadde vore i Kommunalutvalet, ikkje sant, så ho var eit lærande, absorberande menneske i desse første åra då vi arbeidde saman. Ikkje minst då vi var i opposisjon, og det er ganske karakteristisk at det ho etter kvart kasta seg over, det var jo nedrustningssaker, det var altså FN-kommisjonen og slike ting. Ho byrja då å skaffe seg eigne plattformer i form av at ho lærte seg ting. Ho hadde den intellektuelle tilnærminga til dette at ho skulle kunne – og helst betre enn andre. Det er jo pugghestens dilemma, sjølvsagt. Veit ikkje at det der finst på data og i bøker, men alt i alt gav det jo henne ein veldig styrke, sjølvsagt hennar eiga kjensle av å beherske saksområda.

Elles, dette med akademikargreiene, det er eg nesten tilbøyeleg til å seie var uviktig. Det var mykje snakk om det sjølvsagt. Det er ei typisk journalistvinkling, på same måten som spørsmål av typen ”Kva skal ein Nato-motstandar gjere i ei partileiing”, ikkje sant, eg fekk nesten lyst til å seie: ”Veit du ikkje kva, eg er republikanar også” (latter). Heilt uviktige ting, du hadde sjølvsagt ein masse sånn akademikarmas, men det merkelege er jo det at det har ramma Jens Stoltenberg på ein heilt annan måte enn det ramma oss. Og det er som regel eit vikarierande påskott til ytterlegare å trekke ned noen som vi ikkje liker i utgangspunktet, som vi er misfornøgte med. Akademikarargumentet er steindaudt i Arbeidarpartiet og i alle andre samanhengar, ikkje minst, det som er så interessant no, er at det Arbeidarpartiet rekrutterer godt her i Oslo, er ei lang rekke innvandrarakademi, verkeleg flinke innvandrarakademi, dei fleste av dei er akademikarar. Dei er heilt uforståande til at det at dei har tatt juridisk embetseksamen, er eit handikap. Når underklassen seier det, så er altså dei andre knurrande nøyde til å akseptere

det. Kva tyder "akademikar" når artiumsraten er 60–70 prosent, ikkje sant, det er heilt meiningslaust.

Dei hadde ein debatt her oppe der Kåre Kristiansen var med, den gongen då akademikarane betydde dei som hadde tatt eksamen på ein av desse institusjonane, enten her eller på veterinærhøgskulen eller var tannlege, altså då var du akademikar. Vi hadde ein debatt om husbanktilsetting. Ivar Leveraas, som då var ingeniør, han var per definisjon ikkje akademikar, mens Per Høybråten, som var veterinær, han var akademikar. Det var det dummaste argumentet, det er siste gongen eg har høyrte det (latter). – Og det av den som var den mest typiske representant for realkompetansen som eg kjenner, nemleg Kåre Kristiansen, ikkje sant. Det var siste gong eg hørde det dumme argumentet. Og han, eg hørde idet han sa det, at "det er så dumt at eg skulle ønske eg aldri hadde sagt det" (latter). Sidan den gongen synest eg den termen – hadde dei sagt teoretikar, sant, folk utan skikkeleg praktisk yrkeserfaring, så er vi inne på noe som kanskje er ein reell debatt. Men kva slags utdanning folk har, jamfør det eg tidlegare sa om realkompetanse, det var dødt den gongen, og det er dødt i dag.

Danielsen: Utover det vi alt har snakka om, treng vi kanskje ikkje gå så veldig konkret inn i enkeltsaker som vart behandla i regjeringa. Men denne saka med Det Norske Teatret som vi snakka uformelt om i pausen, den hadde det vore interessant å få med også her.

Førde: Eg veit ikkje om eg ikkje skal reservere den for mine egne memoarar (latter). Om Ulf Sand har stadfesta at han vart lurt, så kan eg også stadfeste det. Eller, det vil seie, det var ikkje han, fordi Ulf hadde eigentleg eit ganske stort hjarte for dette, og han hadde ein jævlig sans for at teaterbygget kom opp, han. Men han hadde eit totalt uvillig embetsverk, men Ulf Sand var ein svært god finansminister, og eg hadde ikkje noen kjensle av at eg lurte han i det heile.

Derimot var eg dødsfornøgd over at eg hadde lurt det fordømte embetsverket hans, som eg ikkje tålte trynet på. Men det er altså – det er ikkje noen viktig enkeltsak eigentleg, bortsett frå at eg er forferdeleg stolt og glad for at eg var med å medverke til at det huset står der.

Lange: Men det kan vere noe viktig i at du går litt meir inn på forholdet til Finansdepartementet og deira –

Førde: Ja, og det er klart. Viss du treffer byråkratar i diverse departement, så vil dei ha bestemte oppfatningar av kva slags statsråd som var anført vanskelege. Og Bondevik var ein av dei så lenge han var kyrkje- og undervisningsminister. Min store fordel, og det eg spelte på i den saka som du nemner, er jo sjølv sagt at departementet var så stort, altså du kan ha mulegheit til å flytte pengar. Eg kunne balansere ei kulturløyving mot Statens lånekasse for utdanning. Det å ha eit milliardbudsjett gir ein handlefridom fordi Finansdepartementet vil som regel akseptere forflytting av ressursar innanfor ditt eige fagområde. Og viss det fagområdet er stort, gir det ein politisk handlefridom som dagens kulturdepartement nesten ikkje har i det heile. Så det å flytte armod frå den eine armoda til den andre, det er det einaste dei har av opsjonar. Eg hadde svære sektorar, svære milliardutteljingar, det er klart at det gir ein handlefridom i forhold til Finansdepartementet som er vesentleg, og som eg veit at seinare kyrkje- eller undervisningsministrar, som for eksempel Kjell Magne Bondevik, også fekk eit visst ry for at dei var flinke til å gjere.

Det er eitt viktig punkt med det der som eg kanskje skulle nemne, og det er å ha bakgrunn frå finanskomiteen. Det er av desse her mytiske insights. Det er ikkje tilfeldig at dei som ville opp og fram – i alle parti – dei søkte seg til finanskomiteen. Og det å ha hatt noen rundar der og det å ha lært seg gamet der, det er naturlegvis ei kompetanseutviding for einkvar politikar som ein ikkje må kimse av. Eg sat altså i fire år i kyrkje- og undervisningskomiteen

og kom meg over i finanskomiteen, og sat der heilt til eg gjekk inn i regjeringa, noe som hadde gitt meg mange års erfaring og personkjennskap til byråkratane. Og det er klart at det kan du ikkje kimse av.

Pharo: Det der er i forhold til Finansdepartementet sitt embetsverk, men det er vel eit permanent moment i forhold til mange departement?

Førde: Ja, sjølvsagt er det det.

Pharo: Det er jo jobben deira.

Førde: Ja, ikkje sant. Og eg er gift med dette embetsverket. Og det som er mest ergerleg, er jo at kvaliteten i dette embetsverket er svært høg. Altså, viss dei prøver å skaffe ei niese som har tatt embetseksamen ein sommarjobb der nede: Ho er villig til å gå som trainee, altså ubetalt. Det å ha Finansdepartementet på CV-en din for alle som driv seriøst med økonomi, det er framleis, det er kanskje meir enn det var den gongen, enormt viktig. Det er sjølvsagt noe betryggande i at dei som har ansvar for å hushalde med våre ressursar, rekrutterer mykje betre enn noen andre departement i form av kvalitet på folk, og dei jobbar mykje hardare. Dei har ein arbeidskultur som gjer at dei er –. Det er klart at sånne folk blir utsette for baktale og misunning, særleg viss dei då nektar deg livets gode, noe som ikkje berre er eit problem i forhold til statsrådar, fordi dei må jo akseptere det. Det er embetsverket andre stader, også, dei er jo –. Og så kan du då altså, sann som då eg sat i regjering eller i NRK, så kan du sitte og filosofere over kven av statsrådene det er som fikser Finansdepartementet, sjølv når dei sit med eit lite minidepartement. Det kan eg seie mykje interessant om (latter). La meg seie at det der har ein viss korrelasjon med kven som har erfaring frå Stortinget, og kven som har vore

med bak låven der nede hos oss. For dei som kjem utanfrå, er det eit stort problem at politikken er ein eigen kultur, og Finansdepartementet er ein viktig del av det.

Lange: Og du meiner at det har vore nokså konstant gjennom den perioden du har hatt kjennskap til politikken?

Førde: Ja, eg synest det har vore relativt konstant, og det er –. Altså det du kan seie har svekt Finansdepartementet noe, det har sjølvsagt vorte noe –. Monopolet deira når det gjeld utgreiingar og utrekningar er ikkje fullt så sterkt som det var, ikkje sant, desse sentralbyråa har bygd opp ein veldig stor, sterk kompetanse. Næringsorganisasjonane gjer det. Slik at det er fleire som kan sjå dei i korta. Skatteutrekning og alt dette der; når dei kom med eit notat – så var det sanninga. Det er ikkje heilt situasjonen lenger, og det er jo ein stor fordel. Det er meir alternativ utgreiingskompetanse i det norske samfunnet no enn kva det var. Det finst noen økonomiske modellar også andre stader. Det finst også andre som kan handtere ei datamaskin, og då mister dei jo litt autoritet på grunn av det.

Danielsen: Viss vi då går noe vidare, for å gripe fatt i det du sa om at du har ein, ikkje berre NATO-motstandar, men også ein republikanar i regjeringa. – Det med å vere republikanar kan vi kanskje snakke om ein annan gong. Men eg tenkte på dette med synet på NATO, og om vi tar litt om det, og litt om atomvåpendebatten, altså dette spørsmålet som du har fått fleire gonger før om kvar du var i atomvåpendebatten, der du svarer at du var i regjeringa. Eg kunne tenke meg å stille deg spørsmålet på nytt.

Førde: Ja, altså, de har undersøkt stortingsdebattane, eg lurar på om det ikkje var –. Gro fronta sjølv dette, og det var ikkje så veldig naturleg for meg å spele noen framstående rolle. I

røynda spelte eg ei veldig framståande rolle. Eg brukte veldig mykje tid i atomspørsmålet. Eg var aktiv i ein veldig viktig del av vårt eige arbeid med dette. Det vart jo kalla, kva var det vi kalla det – ja, det var ei gruppe av unge sosialdemokratar frå alle NATO-land, Skandilux kalla vi det. Det er beskrive, den gruppa, seinare, som møttest regelmessig, den ideologiske førar var Egon Bahr, og vi var særleg frå dei små land. Labour var med heile tida, riktig nok den gongen under Kinnock, som vi var åt, med eit anna syn, men vi arbeidde oss då saman til eit felles sosialdemokratisk, europeisk syn på dette. Vi var i USA, vi snakka med Richard Pearl –.

I det heile, eg brukte forferdeleg mykje tid på dette. Eg skreiv om det, eg var veldig aktiv ute, og viss de trur at det var ein tilfeldig ting at valkampen i 85 vart avslutta med, då Kåre Willoch vart desperat, at han trua med at Einar Førde kunne bli utanriksminister, så hadde det sjølvsagt med dette å gjere. Det var eit veldig sterkt engasjement i eit nedrustningsspørsmål, og han var per definisjon ikkje påliteleg på grunn av fortida. Eit relativt, sjølv for den tid, desperat utspel. Gro måtte då ut og forsikre om at det var aldri noen fare for at han skulle bli utanriksminister. Og her heldt vi ein relativt høg profil, også Gro. Ein så høg profil at ein del av dei gamle datt av. Ikkje Knut, han var med heile tida. Guttorm Hansen heldt så vidt med, men hadde problem heile tida. Odvar var ikkje med, Odvar Nordli datt av og tok avstand frå heile denne nye orienteringa. Vår viktigaste arena var heile tida NATO, eg sat då som NATO-parlamentarikar, noe Gro ikkje gjorde, som gav meg høve også til å møte folk og i samanhengar der vi var heilt inne i, ja, både kongressen og andre stader og diskuterte dette. Men dette var naturlegvis også bakgrunnen for det som de beskriv her som endringa frå å vere NATO-motstandar til opent å seie at vi treng NATO. Og det var altså då innsikta om at det var det einaste relevante forum for nedrustningsavtalar og for å oppnå resultat. Og hugs på at då dei dreiv og kranгла og drog i desse her mellomdistanserakettane, Cruise og Pershing og kva dei heitte alle desse her, så var allereie avtalen om dei strategiske våpna i boks, og for oss

som har levd under atomparaplyen – som i 62 har opplevd Cuba-krisa – det slår meg at vi har jo egentleg levd i apokalypsens teikn.

Vi har hatt ei begrunna redsle for atomkrigen så lenge, i heile vårt vaksne liv. Så var det å få avtalane på plass og sjå at det var NATO som fiksa det. FN var – eg var jo på FN's nedrustningskonferanse eit par gonger, og det var ei bakevje. Du kunne aldri få noen resultat i nedrustningssamanheng. Det måtte skje i samtale mellom NATO og Sovjetunionen. Punktum. Og det var der gutta snakka. Og då var det veldig lett å nyorientere seg i forhold til NATO. Også fordi den tradisjonelle konfrontasjonen og storkrigen etter kvart vart mindre og mindre sannsynleg. Eg hugsar utanrikskomiteen drog til Moskva midt i perestrojkatida, og Willoch fekk det sjokket, ikkje sant, alle leiarane i Moskva snakka som trauste, europeiske sosialdemokratar. Vi skjønnte ikkje ein gong kva slags grunnleggande, modig nyorientering Gorbatsjov hadde gjort. Det å oppretthalde tanken på invasjon og det store klassiske invasjonforsvaret og NATOs klassiske haldningar vart meir og meir meiningslaust. Og det var altså nedrustningssida og alt dette, og då var NATO veldig viktig. No har NATO eit betydeleg problem. No er det, bortsett frå at ein kan slåst nede i Afghanistan og alt sånt, så blir vel oppgåva i framtida å arrangere seminar (latter).

Det står her (viser til dokumentasjonsmappa, red.merk.) at du blir straumlinjeforma, og det er jo ikkje slik at dei prosessane vi dreiv med, var ei vandring mot ortodoksien og det vi kjende. Det var tvert imot slik at det vi i Arbeidarpartiet landa på, førte til veldig harde politiske konfrontasjonar, ikkje minst med Kåre Willoch. Og Kåre Willoch uttrykte då heile tida sitt vonbrot over at Arbeidarpartiet og Gro Harlem Brundtland kunne gå med på dette her, sant, som var å løpe Breschnevs ærend. Det at Gro saman med Arne Skauge seinare formulerte eit felles –, det var jo ein prestasjon. Men då hadde vi stanga i relativt lang tid før den innstillinga i utanrikskomiteen var eit faktum. Og desse her konfrontasjonane var ikkje noen spøk fordi det var jo delvis også leivningar frå fortida.

Willoch meinte den gongen at det som skapte fred, var Reagan og Fischer som rusta Sovjetunionen i senk, sant. Vi argumenterte med at den slags form for ressursbruk – altså med alle desse milliardane som under eitkvart omstende var – ein håplaus måte å gjere dette på, og det var heilt andre ting, grunnleggande ting, som hadde forandra Sovjetunionen og gjort at dei no var til å snakke med, og vi fekk heile diskusjonen om Willy Brandt og austpolitikken og alt sånt som dukka opp att med Treholt-saka. Var det legitimt for oss unge sosialdemokratlar å snakke med folk austfrå, som ikkje minst Knut Frydenlund var ein veldig sterk forkjempar og pådrivar for at vi skulle gjere? Det som sjølvstøtt øydela det, var at Arne dreiv med pengar og papir, sant, som vi hadde veldig klare kodeksar på at vi ikkje skulle gjere. Men elles så var vår –. Vi var Willy Brandts barn, og vår sikre overtyding om at dei langvarige prosessane som Willy Brandt hadde drive med i ti år, at dei var eit heilt avgjerande vesentleg bidrag til det du fekk både av oppmyking i Sovjetunionen og ikkje minst folkelege opprør i dei andre austeuropeiske landa. Det trudde vi på. Og eg kan ikkje seie at det er noe i ettertida som gjer at eg vil anfekte det eller ta eit anna standpunkt til det. Men altså, då er det viktig at det vi snakkar om no, det var kontroversielt, det, dette førte til konfrontasjonar med høgre- og venstresida, og det du kan seie er ei veldig tradisjonalistisk NATO-haldning. Så eg opplevde ikkje dette som ei straumlinjeforming og ei vandring mot ortodoksi i det heile, eg opplevde det faktisk som vel eit av dei viktige bidrag vi gjorde til ei nyorientering for Arbeidarpartiet, og eg er heilt sikker på at ettertida vil vurdere det som det, fordi på veldig mange avgjerande punkt så kom dei vekk frå den tradisjonelle opprustningsideologien, fram til eit forhandlingsregime i Europa, og det er jo – når alt kjem til alt – naturlegvis også det, ja, vesentlegaste bidraget til at om to dagar blir Europa eitt.

Pharo: Du endrar jo då i ein eller annan forstand posisjon – vil du seie at det er ein konsekvens eller funksjon av at du sat i posisjonar der du kunne sjå kva det var som verka og

kva som ikkje verka, og at det ikkje er gitt at du ville ha forandra oppfatning på same måten viss du ikkje hadde sete i sentral posisjon?

Førde: Eit teoretisk spørsmål.

Pharo: Ja, det er det.

Førde: Det er altså –. Kva er det som gjer at folk blir klokare? At folk oppfattar nye realitetar og er i stand til å endre standpunkt på basis av nye realitetar. Det er jo på alle område då eit spørsmål. Og mi erfaring er at det har mindre med informasjon og tru å gjere enn ein skulle tru. Altså, det har mykje meir med instinkt, legning, kva slags type politkar du er å gjere. Eg kjenner jo medlemmer av NKP den dag i dag, eg, som meiner at Gorbatsjov var han som starta dritten. – Og: ”Vi må tilbake igjen til Leonid Breschnev, då var det noe anna,” sant. Dei som klarer å ha den type verkelegheitsoppfatning no, dei har eg eigentleg ei stor beundring for, men eg er ikkje av dei.

– Eg måtte på veldig avgjerande punkt justere standpunktet mitt. Dette var eit av dei. Og dette vart litt sånn komisk/kritisk for meg i NRK, fordi der hadde eg då ambisjonen, og der var det heller ikkje innkorga, der var ambisjonen å vere pådrivar og den klare frontfiguren i strategiutviklinga i NRK og ikkje minst å følge med i det internasjonale bildet. Det førte til at eg måtte lese ein helsikes masse hundre sider om EU, om digital utvikling og teknologi. Og då eg då hadde begynt å lære meg dette, begynt å bli ganske imponert over min eigen lærdom, og snakka med suffisane både heime og ute om dette her, så oppdaga eg jo at denne teknologien dreiv og forandra seg heile tida. Det kom nye teknologiske realitetar så eg måtte skifte meining heile tida. Då eg begynte å nærme meg 60 år! Det var eit helvetes slit det, sant. Eg hadde etablert ein solid kunnskapsbasis, og så er denne her fordømte teknologien så flyktig,

og dei finn stadig på nye ting, og det var eit lærestykke, for ein aldrande mann som trur han har funne retrettstillinga i livet, i at det finst inga retrettstilling i forhold til det å måtte forandre standpunkt, og der er den generasjonen som veks opp no, betydeleg mykje meir, krava til at dei skal kunne endra standpunkt, er betydeleg mykje større enn dei var hos oss som levde i meir statiske samfunn.

Pharo: Ja, eg lurte på dette med dobbeltvedtaket og striden omkring det. Var det, følte de eit valdsamt sterkt amerikansk press, eller var det ei førestelling om at det måtte vere eit sterkt press? Altså: La dei seg verkeleg på, eller var det ei frykt for at dei ville gjere det?

Førde: Jo, eg –. Vel, dei la seg på i ei utstrekning som dei kanskje ikkje gjorde noen annan stad. Eg har eit minne av at det er offentleggjort noe som eg veit Knut Frydenlund sa eller noe som – ei av desse bøkene som er komne. Altså, Knut Frydenlund fekk nok eit klarsignal om at dei ville gå vekk frå forsvarsgarantiar – som han med sin bakgrunn, ikkje sant, som alle Hallvard Langes menn, dei ville vel oppfatta det som det verste som kunne skje. Og det var nok det verste presset han hadde opplevd frå amerikanarane noensinne, såpass sterkt var det. Vi andre hadde ikkje noen kjensle av det.

Pharo: Det var i grunnen det eg lurte på –.

Førde: – Nei, altså fordi han kommuniserte ikkje det. Han gjorde det seinare, til meg, på grunn av eit veldig nært forhold som vi fekk. Men altså, eg visste ikkje det då Sissel Rønbeck og eg dissenterte i regjeringa på dobbeltvedtaket. Men elles så var jo, altså dette var nesten ei vanskelegare sak enn NATO-saka, fordi dei som måtte stå av denne – nemleg Odvar Nordli og Knut Frydenlund, ikkje sant, med innsikta om amerikanaranes haldning, og dermed var det

norske samfunnets og den norske nasjonens valmulegheiter relativt avgrensa. Mens opinionen, det heldt jo på å utvikle seg ein ekte antiatomvåpenopinion. Kombinasjonen av nye generasjonar, ja, dei som gjekk i 60-åra, dei var framleis der, sant, fann fram merka sine (latter), og dette var for Arbeidarpartiet eit formidabelt problem.

Arbeidarpartiet har jo – viss du ser på det i ettertida, så har Arbeidarpartiet hatt eit hovudproblem, det er forholdet til dette i utanrikspolitikken. Alle dei alvorlege splittingane som Arbeidarpartiet har vorte utsett for, har med ein eller annan utanrikspolitisk konflikt å gjere, alt det andre, anten det er vern og vekst og miljø og alt det der, det er konfliktrar som ein har takla, som glir over. Altså SF, NATO, alle dei store splittingane har med slike saker å gjere, og det visste naturlegvis ansvarlege partileiarar, og her dukka det opp ei sak som var –. Og dei kom jo i knippe, du hadde førehandslagringssaka som kom, og dobbeltvedtaket òg. Det var mykje press frå amerikanarane den gongen. Og Knut [Frydenlund] hadde dessutan det problemet at han hadde eit nært forhold til Henry Kissinger, som jo – for å seie det mildt – var ein viktig mann i dette spelet.

Pharo: Har du noen førestilling om kvifor desse spenningane over utanrikspolitikken? Eller korleis vil du forklare det?

Førde: Kvifor dei er så mykje sterkare enn alle dei andre? Nei, altså viss du skal finne ei eller anna forklaring på det så –. Det der er jo, eg trur du historisk då må tilbake til Moskvatesane. Eg trur du må tilbake til 20-åra og det komplekset som ein reiv ned ved det at ein brukte jævlig mykje av tida til å diskutere direktiv frå Moskva. Det må ha vore valdsamt viktig for mange, både – som eg er inne på i ein eller annan samanheng her – når det gjaldt forholdet til ideologi. Ideologi var eit skjellsord, sant, altså dei orka ikkje det. ”No må vi sjå å få bygd noen husmorskular her.” – Men altså, det at utanrikssakene og forholdet til andre makter

hadde vore så ekstremt splittande: Det var det medvitte alle som var dei styrande i etterkrigstida hadde, dei hugsa jo slutten på 20-talet. Så, historisk sett, det er rota eg finn til det, men elles så kunne det ha med –.

Eg trur for eksempel at utmarsjen til SF i 61 også hadde med sterke personlegdomar å gjere. Altså ein mann som Karl Evang var – som eg – til det for øvrig, du kjende vel Karl Evang, gjorde du ikkje det (til Lange), Karl Evang var altså den som vi trefte, med intellektet og sin samfunnsinnsats, som eg beundra meir enn noen annan. Han var eit politisk og intellektuelt førebilete for meg, inntil eg trefte fyren. Så oppdaga eg at han, fyren var heilt humørlaus. Hadde ingen humor. – Overhovudet ikkje. Og var eigentleg ein tråkmons, hvis selskap du orka i fem minutt. Så får du rive ned såne gudar, men det er ingen tvil om at i ein samanheng som dette, med sin autoritet, og viss du ser landsmøtet og opptakten til SF, så er det altså noen sterke personlegdomar som kunne få til noe, og som hadde lyst til å gi Håkon Lie eit ballespark, som må ha vore viktig.

Pharo: Men du vil ikkje tilskrive det også ein understraum av norske småstats- og nøytralismeførestellingar, som for så vidt går langt utanfor Arbeidarpartiet? Fordi mange av skeptikarane i 49 var jo ikkje berre dei som kom frå venstresida, men det var, om du vil, distriktsrepresentantane i veldig høg grad. Både tunge Venstre-område og gamle Venstre-område?

Førde: Ja, no er det jo det at 49 vart jo ikkje noe sånt stort splittings –. Dei levde vidare, men ikkje sant –.

Pharo: Understraumen ligg der jo?

Førde: Ja, men såne folk som Olav Versto og Sverre Løberg, dei heldt jo fred, dei. Når dei først hadde fått stemt. Og dei deltok riktig nok i påskeopprøret og såne ting, men dei hadde aldri hatt noen idé om å forlate Arbeidarpartiet. Det var då heller ingen av dei som var med i 1961. Så eg er nesten tilbøyeleg til å seie at det vi eventuelt hadde av nøytralisme og småstat –. Jo, det var jo element av det viss du les ”Orientering”, sant. Det er opplagt at dei hadde einslags tredje standpunkt og alt dette, og nødvendigheita av å etablere noe mellom blokkene. Men, ja, det er naturlegvis mange faktorar i dette, det er komplisert.

Pharo: Eg vil ta opp eit spørsmål viss ikkje du hadde noe meir: Du sat jo i utanrikskomiteen etter at du kom tilbake, og var engasjert i nedrustningsproblem. Var du noe opptatt av tredjeverdsproblem, som jo er relativt viktige for i alle fall delar av partiet i denne perioden, med restane av Ny økonomisk verdsorden og kondisjonalitetsproblemet i forhold til dei afrikanske landa, på slutten av eller frå midten av 80-tallet. Vi finn ikkje veldig mykje av det, men –.

Førde: Nei, de finn ikkje veldig mykje av det. Men det har også med stortingsdebattane å gjere, og arbeidsfordelinga og slike –. Min inntreden i utanrikskomiteen var ein mellombels inntreden, der Rolf Presthus og eg var forsterking til ei melding om utviklingshjelp, frå finanskomiteen. Og det vi greidde i den meldinga, var jo på ein heilt annan måte å få fokusert handelspolitikken som ein del av dette, noe som vi begge interesserte oss for. Altså frihandelssystemet, forholdet til utviklingslanda. Det merkelege er at når eg tenker tilbake på mi tid i utanrikskomiteen, så vi reiste jo ein god del. Og det er altså VG og Dagbladet veldig mot. Det er den beste bruk av skattepengar. Det å sende det norske Stortinget rundt om i verda, det kan ein ikkje fått gjort nok. Eg veit nesten ingen, med noen unntak, som blir dummare av det, som er dummare når dei kjem heim. Det finst nok noen, eg kunne nemne namn, men dei

fleste vil bli klokare. Eitt av dei minna eg har der eg verkeleg kan seie at medvitet om ting og kunnskapen om ting som –. Ja, når eg reiste til Kina og India, til Pakistan, til Mellom-Amerika, til Mexico, til Aust-Asia for øvrig, til Aust-Europa, og ikkje minst då til Aust-Afrika, til Tanzania og Zimbabwe og kor vi enn var. Vi var i Midtausten. Alle desse reisene var jo ofte konsentrert også om bilaterale bistandsspørsmål. Og eg vil seie at vi hadde ein relativt høg profil og relativt høgt medvit om det.

På ei anna side så var det eit område som ein i Arbeidarpartiet var komme til at det var veldig viktig, heilt frå Gerhardsen si tid, å vise at det var eit av dei områda vi skal ha konsensus om, mest mogleg. Vi opplevde det som veldig irriterande, men vi dreiv jo med det, altså Kristeleg Folkepartis behov for å ligge framfor oss i dette her, nesten uansett kva slags budsjett og forslag som kom, det har jo vore ein permanent ting, og eg går ut frå at det ergra Høgre akkurat like mykje som det ergra oss, den gongen. Altså, Bondevik driv og snakkar om det der, løyver til ein del formål ein masse pengar som aldri kjem til å bli fornuftig brukt, berre på grunn av symbolting. Vår lærdom var at der strever vi etter konsensus. Vi skal ikkje ha unødig strid omkring bistandspolitikken. Og så dukka det jo då opp, desse bistandstinga som dukka opp frå tid til anna, vart jo særst interessante fordi dei kom jo opp med prinsipielle ting. Noen av dei gjekk til og med så langt som å spørje om det vi dreiv med, i det heile hadde noen verknad. Forholdet til næringslivet vart ein veldig heit potet. Spørsmålet om: Er det riktig å lage ordningar som favoriserer norsk næringslivs engasjement, ikkje sant. Det var mange sånne interessante politisk prinsipielle ting involvert i bistandspolitikken. Og ein av dei som eg med glede hugsar kasta seg inn i dette med betydeleg kompetanse og bakgrunn frå NORAD, var jo Jan Petersen. Dette var det området han var god på den gongen han sat i –. Og han var veldig god, kanskje den beste av oss. Fordi han hadde nettopp den bakgrunnen. Og vi brukte veldig tid på bistandsspørsmål, men i utanrikskomitéssamanheng for meg var det

–. Den som hadde lagt labbane på dette og hadde monopol på det nærmast sagt til ho døydde, var jo Liv Aasen.

Pharo: Det går igjen i debatten, ja.

Førde: Så det var liksom ikkje noe for oss.

Pharo: Men var ho representativ for haldningane sentralt i partiet elles, eller låg ho –?

Førde: Nei, ho hadde eit veldig glødande engasjement. Liv Aasen var i utgangspunktet kanskje den flinkaste jenta vi hadde, og eit veldig verdifullt innslag i gruppa. Så må ein seie at, varsamt, så vart ho då mot slutten nokså gammal, til dels veldig gammal i forhold til den fysiske alder. Som de vil sjå av innlegga, så skjedde det noe med Liv som gjorde at ho også sånn autoritetsmessig tapte –. Men ho heldt fast med dette området, og det skjedde aldri noe gale. Ho passa på det. Slik at Arbeidarpartiets standpunkt – ho tok på seg det meste av verdas elende på eigne skuldrer, slik at det vart ikkje noe særleg for oss andre å bere.

Danielsen: Vi begynner å nærme oss ei avslutning, men det er eit par ting eg kunne tenkje meg å ta opp. Og det eine er forholdsvis konkret, og du har kommentert det i ulike samanhengar før, og så har eg lyst til å stille eit meir overordna spørsmål til slutt, for å vende tilbake igjen til noe av det vi har vore inne på allereie. Det meir konkrete: Du sa i stad at då Gro danna si andre regjering, så valde du å bli i Stortinget, men i forskjellige samanhengar så har det jo vorte lansert ulike teoriar om grunnar til at du ikkje vart tatt med. Og du har kommentert det mellom anna i noe av den dokumentasjonen som vi har funne fram, eg veit ikkje om det er noe du vil legge til?

Førde: Joda, det kan vi godt snakke om. Det er sjølvsagt ein av dei viktige tinga. Viss vi då begynner med Knut Einar Eriksen og tesen om at Treholtsaka og KGB-ryktet førte til at eg vart sjalta ut av maktstrukturen. Det der er jo, eg skulle nesten ønske at det hadde vore sant, (latter), men det er eit faktum at i forhold til å utøve politisk makt og innverknad, så var ”my finest hour” frå 86 til 89. Det å sitte som, i den situasjonen eg sat som parlamentarisk leiar, med ei mindretalsregjering, gav meg ei oversikt og ein autoritet og ein – eg ville ikkje ha bytta med statsministeren i den situasjonen eg sat der, også fordi det var mindre arbeidskrevjande, og det var færre snorer å klippe av. I denne perioden blir eg attvald som nestleiar. Eg beheld alle mine tillitsverv, og eg er den einaste som veit at eg har reelt sett valt det sjølv, fordi eg hadde lyst på ein jobb og gå ut. Det eg er relativt trygg på, er at Gro ikkje hadde noen slik alternativ dagsorden, for då måtte ho ha funne på noe heilt anna drastisk enn å la meg sitte å utøve den type makt eg gjorde. Slik eg opplevde det, så beklaga ho verkeleg oppriktig, ho prøvde veldig hardt å få meg til å fortsette. Det ville ho vel neppe gjort viss eg var så å seie ein –, altså.

Den andre grunnen til at eg, den teorien er, ikkje sant, ”du ville opplagt vore statsminister viss ikkje det var for ein eller annan”, og vi veit jo kven han er, han som budde i London, som etter kvart levde av å fabrikke nye såkalla avsløringar. Til det vart avslørt at han hadde jo ikkje hatt tilgang til noe, sant. Og han er fullstendig diskreditert i alle samanhengar, både som kjelde og –, sant. Dei siste som dreiv med han, var POT, i noen samanhengar, og det er klart at, altså eg går då ut frå at dei har undersøkt meg, og at eg har vore, altså, min beste venn blir arrestert og får historias lengste dom for spionasje. Eg vil nesten seie at eg kjende det som ein betryggelse at eg ikkje sjølv vart bura inne, for eg gjekk då ut frå at dei måtte ha hatt ei vurdering av kva slags forhold eg hadde hatt til dette, og sjekka med alle som eg hadde rapportert til, både innanfor og utanfor det hemmelege system i denne

samanheng, og kva eg hadde drive med då. Så eg er ikkje anfekta i det heile av at noen har det spørsmålet, og der Kåre Willoch då framstiller det som ei av dei store nasjonale ulukker at eg kan bli utanriksminister. Så det er klart eg måtte vere klar over at det der låg der som eit problem. Men eg kan ikkje seie at eg finn noe som helst slags belegg i mi eiga erfaring for å kunne seie at noen effektivt klarte eller prøvde å bremse min eigen karriere på det tidspunktet. Det finn eg altså ikkje noen eksempel på. Og er det dét du er ute etter, eller er det ei anna side med dette her –?

Danielsen: Nei, eg lurte i grunnen på om du ønskte å utdjupe noe av det som du har sagt i –

Førde: – Det er vel omtrent dette eg har sagt, noe knappare enn dette. Det er klart at når det kjem ein såpass interessant teori, og den vart lansert av andre, så har eg vore nøydd til å tenkje igjennom dette. Og det finst noen episodar i dette som eg også reserverer for meg sjølv, fordi eg hadde jo naturlegvis sjølv kontakt med hemmelege tenester for å prøve å verifisere i kva utstrekning det her var noe som var belastande for meg. Og eg måtte vere mentalt innstilt på at det kunne vere mykje, det, som sagt, min beste venn, som var mykje nærare enn dei fleste anar, blir tatt, og eg var nesten forundra over kor lett eg kom unna. Altså, dei intervjuja eg hadde i samanheng med hans arrestasjon, og som var massive demonstrasjonar av inkompetanse hos våre hemmelege tenester, der dei spurde meg om totalt uinteressante ting, men der dei ikkje eingong – noe som skremte vettet av meg – visste kva eg hadde drive med. Dei hadde ikkje eingong oversikt over meg, så det stadfesta alle Wilhelm Evang og Trond Johansen sine teoriar om at der sitt det berre idiotar (latter). Og den kulturen, den innsikta, har så vidt eg skjønner overlevd til desse dagar, i alle år. Dei foraktar kvarandre djupt og inderleg.

Men altså, eg måtte jo i og for seg adressere dette alvorleg. Og det er heilt sikkert at noen har undersøkt det ordentleg, også han der borte i London. Men, det førte ikkje til noe

problem for meg i min karriere, tvert imot. Mitt val i 1986, som Gunnar Berge og eg – det er jo, alle veit, Gro har jo skrive det, ho ville helst at eg skulle vere finansminister, og at Gunnar skulle bli parlamentarisk leiar. Og vi hadde heilt andre oppfatningar av det, og for ei gongs skuld fekk vi ta rotta på ho, sant. Og så vart det som vi ønskte, og ikkje som ho ønskte. Knurrande aksepterte ho då det. Og det var altså, for ein som representerer ein tryggleiksrisiko, er det noe til val å få vere finansminister eller parlamentarisk leiar, det må eg seie. Og så deretter bli utnemnd til kringkastingssjef. Det er nesten så å seie krona på verket, viss du då er den massive nasjonale trussel.

Danielsen: Ein skulle tru det. Eg har ingen oppfølgingsspørsmål til akkurat dette, eg veit ikkje om de –?

Pharo: Nei, eg hugsar jo ikkje kva Knut (Einar Eriksen) og Trond (Bergh) skriv om alt dette her, men er det ein teori som dei lanserte?

Førde: Ja, dei lanserer den relativt spesifikt og –

Pharo: – Og diskuterer den i forhold til –

Førde: – Diskuterer den i forhold til at eg ville vore ein opplagd statsminister viss det ikkje hadde vore for dette.

Pharo: Høyrest ut som Knut Eriksen, ja.

Førde: Ja, det gjer det.

Danielsen: Viss vi kan vende litt attende igjen til utgangspunktet, førestellinga om at det skjer ei eller anna vending, altså at det går føre seg ei endring i norsk politisk kultur i den perioden som vi har snakka om. Om vi begynner på 70-talet og går, kanskje med eit tyngdepunkt akkurat rundt den tida der du var statsråd – om vi tar ein annan innfallsvinkel enn det vi gjorde førre gong vi var inne på det: Ein av dei tinga som slår meg i Arbeidarpartiet sitt prinsippprogram frå 1981, er den sterke understrekninga og den sterke trua på menneskeleg handling og menneskas evne til å skape si eiga historie, står det vel ordrett i det programmet.

Førde: Det kommunistiske manifest.

Danielsen: Ja, altså det. Eg synst det var fascinerande lesing. Det er veldig, det er gjennomsyra av ei tru på, ikkje nødvendigvis at det er mogleg å styre alt i detalj, men at det er –

Førde: – Eit veldig optimistisk menneskesyn, kan vi seie.

Danielsen: Ja. Om ein les det, og så les ein parallelt eller noenlunde samtidig, for eksempel ein del av dei tinga som du snakka om i 1987. Eg vil ikkje nødvendigvis seie at det er ei motsetning mellom dei to landsmøtetalane, viss vi tar utgangspunkt i 1981 og 1987, men det er ei noe anna vektlegging, kanskje. Og så, om vi trekkjer det fram til ein del av dei tinga som du har vore inne på i dag, når du har snakka fleire gonger om globalisering og kva for konsekvensar det har for menneskeleg handling. Tar eg feil om eg sit med eit inntrykk av at ein av dei tinga som har endra seg sidan 1981, er høvet til å tenkje så optimistisk som det ein gjorde den gongen?

Førde: Eg meiner at vi har vorte meir kyniske. Jo, det trur eg vi er. Eg trur vi er det. Altså det som de er på jakt etter, desse her omformingsprosessane og dette. Mine år var altså veldig – alle kan sjå at det skjedde veldig viktige samfunnsendingar. I ettertid tenker eg på dei mykje mindre som enkelthendingar, men som jamne prosessar. Den gongen heldt eg ein masse foredrag om tidsskilje og såne ting som vi alle gjer. Men eigentleg er det berre 1990 i mitt liv som eg kan seie, då måtte det inntre noe nytt. Elles så var dette ei utvikling som skjedde over tid, som vi hadde – til å justere oss til. Den optimistiske, altså det avsnittet eg hugsar godt – det er Gudmund Hernes som har skrive det. Det var, i tillegg til å marknadsføre eit sosialistisk, sosialdemokratisk, menneskesyn – i motsetnad til mennesket som grådig, altså trua på at mennesket er i stand til å skape si eiga framtid og bygge seg ein rasjonell –, det prega oss det. I tillegg må du jo ha med, det er litt sånn overspel, særleg i Gudmunds hender. Viss de hugsar han Lewis [Mumford] frå den teknologiske optimismen. Altså trua på at vitskapen er menneskets reiskap, då i form av den auka kunnskapen vi har fått, gir oss eit høve til å forme framtida som ingen tidlegare generasjon har hatt. Den prega oss veldig sterkt. Og den trua, den svekte seg jo, ikkje sant. I forhold til at det skjedde ting både internasjonalt og heime, massiv dum irrasjonalitet.

Religionen kom inn seinare og forstyrra dette bildet på irrasjonelt vis. Vi vart nok, ja, vi vart nok noe meir –. Men du vil sjå det litt på grunn av at det er også ein annan innfallsvinkel til dette som vi heldt fast ved, og som balanserer dette noe, og det er at vi fall aldri i den gropa som Kjell Magne Bondevik må basere heile sitt liv og virke på. Han er livsstilsentreprenør. Han trur altså at viss han får endra livstilen til enkeltmenneske, så går han inn i og drar, forandrar samfunnet. Vi hadde aldri den illusjonen om at det var endring av folks individualmoral som skulle endre samfunnet, at viss folk berre vart gode og snille, så ville alt ordne seg. Når dei kom heim att til kjøkkenbenken, så ville alt ordne seg. Altså, vi var

sosialistar eller sosialdemokratar i den forstand at vi ville ha reformer. Vi ville bygge institusjonar. Vi ville lage samfunn der det var rasjonelt å oppføre seg, at det er lønnsamt å oppføre seg fornuftig. Altså, det var allright å snyte skatt viss ikkje samfunnet hadde laga skattereglar som gjorde det fornuftig å la vere, sant. Det var vår grunnregel. Slik at vi fall aldri i den der gropa som eg ser at mange sosialdemokratiske og venstreparti no –, ikkje sant, dei har vorte så opptatt av individuell moral. Vi var kollektivistar også i den forstand, men du har heilt rett i at vi var nok – etter kvart som tida gjekk, hadde vi mindre illusjonar.

Danielsen: Så då blir oppfølgingsspørsmålet. I denne prosessen så ligg det jo også, du var inne på maktutgreiinga og sånt i stad: Påstanden og problemet ved at makt blir flytt frå dei folkevalde organa til andre arenaer, at det er eit aspekt ved det som vi snakkar om no, men det eg også gjerne vil høyre di meining om, det er: Ligg det i den same prosessen ein slags abdikasjon frå politikarane si side, eller ein reduksjon av deira egne ambisjonar, ei avgrensing av trua på kva det er mogleg å gjere politisk?

Førde: Ja, meiner du då at dei konstaterer at det skjer, eller at dei så å seie villig aksepterer det og tilstrebar det?

Danielsen: Det er vel i grunnen begge deler eg lurar på.

Førde: Nei, eg ser ikkje for meg, eg kjenner ingen politikar som frivillig gir frå seg makt. Det er noe ved heile den businessen som gjer at det har eg ikkje opplevd. Tap av makt fører til betydeleg sorg og – som eg sa – gråt. Makta minkar og sinnet veks, sa guten til faren. Det var omtrent som Stortinget var i periodar. Det framkalla store lidenskapar då det plutselig gjekk opp for noen to år for seint at no bestemmer ikkje Stortinget kredittbankane sine lånerammer

lenger, sant. Det kom som eit stort sjokk for enkelte, vi hadde vedtatt det fire gonger. Men det førte då til eit veldig sinne. Har vi gjort noe så dumt? Og eg meiner at i den utstrekning det har skjedd ei tapping av makt, så måtte vi nok knurrande akseptere det, men abdikasjonen i dette ser eg ikkje. Ønsket om at Stortinget skal styre, er for ein kvar i Stortinget så å seie eit livsgrunnlag. Det som er gale med Stortinget, er at du blir driven inn i ein situasjon der dei utøver denne viljen til å styre på små drittspørsmål, mens dei store flyg forbi. Det er eit konstant problem, og det er så vidt eg skjønner ikkje mindre, heller større enn kva det har vore. Dei ansvarlege i gruppene og vi gruppeleiarane prøvde å drive folk tilbake igjen til dei store sakene, men dei hadde ein tendens til – det har jo litt med nominasjonssystemet og fylka og alt dette her å gjere, ikkje sant. ”All politics is local,” seier amerikanarane, men det er jo i ekstrem grad norsk røyndom. Men ønsket om å behalde makt i Stortinget opplever eg som unisont, og du kan høyre det på ein del av dei yngre som kjem inn no også, ikkje sant. Høyr på Siv Jensen, som i og for seg er interessant fordi ho er fersk, men ho har samtidig fått reflektert litt over kva det er å vere stortingsrepresentant. Og det er veldig mykje maktretorikk i henne på vegner av Stortinget.

Skal vi gi oss? Resten får de snakke med min advokat om (latter).

Etter at opptaket var avslutta, stilte Danielsen spørsmål om Førde per i dag ville kunne ha brukt termen *klassesamfunn* i ei framstilling av det norske samfunnet, jamfør artikkelserien frå 1967/1968. Førde sitt svar vart registrert på bandet og var som følgjer:

Førde: Altså, min grunnleggande tese i den artikkelen er at viss inntektskløftene blir for store, så slår det ut i ulikskap på utdanning, i rettspleie, i kulturforbruk, det er jo det eg skriv om, sant. Ferievanar, fritid. Alt er knytt til ein ulikskap i tilgang på ressursar. Og det er jo ikkje

noen grunn til, altså, det du kan seie, er at du sjølvsagt har fått ein alminneleg sterk auke, ei fordobling av inntektene, at no er valmulegheitene til folk flest større. Du kan seie at dei har større høve til for eksempel å prioritere ferie og det dei historisk sett –. Dei prioriterer forbruk, då, brennevin og bilar og ferie og slike ting. Men du har framleis denne clustra av privilegium. Og på noen område er det betydeleg sterkare enn det var då eg skreiv dette i slutten på 60-talet, eit av de opplagde forverringsorda når det gjeld klassesamfunnet, er jo bustandard. Altså, korleis du no i små – altså, i gamle dagar i Høyanger kunne du, for der var det ordna slik at arbeidarane og funksjonærane som budde i lag –. Altså, med bortfall av den sosiale bustadpolitikken over Husbanken, så vil du finne igjen dette i så å seie kvart einaste fysiske miljø rundt om i landet. Og inntektskløftene har jo ikkje vorte mindre, dei har vorte større, så eg kunne godt ha skrive ein oppdatert versjon av det norske plantesamfunnet og brukt den same betegnelsen.